



# Årsmelding 2015

## Meland kommune



# Innhold

1	Innleiing .....	3
1.1	Rådmann si oppsummering og kommentarar til 2015 .....	3
1.2	Framlegg til vedtak for årsrekneskapen 2015 .....	4
2	Årsmelding – årsrekneskap 2015 .....	4
2.1	Innleiing med kommentarar til årsmeldinga sitt innhald .....	4
2.2	Oppsummert rekneskap 2015 .....	4
2.2.1	Hovudoversikt driftsrekneskap 2015 .....	4
2.2.2	Internrekneskap drift 2015 .....	5
2.2.3	Spesifikasjon av netto inntektsramme .....	5
2.2.4	Netto utgiftsramme delegert til rådmannen .....	7
2.3	Investeringsrekneskapen .....	8
2.4	Balansen .....	9
2.5	Økonomistyring .....	10
2.6	Likestilling .....	10
2.7	Etisk standard og etisk arbeid i kommunen .....	10
2.8	Økonomiske utsikter .....	10
3	Meland kommune i 2015 .....	11
3.1	Folketalsutvikling og demografi .....	11
3.2	Kommuneplan, arealdel 2015-2026 .....	13
4	Politisk organisasjon og aktivitet i 2015 .....	14
4.1	Politisk organisasjon i 2015 .....	14
4.2	Kommune og fylkestingsvalet i 2015 .....	15
5	Personaltilhøve .....	15
5.1	Årsverk og tilsette .....	15
5.2	Sjukefråvere .....	16
5.3	Arbeidsmiljø .....	16
5.4	Personalarbeid og organisasjonsutvikling .....	17
5.5	Likestilling .....	17
6	Andre tilhøve .....	18
6.1	Internkontroll .....	18
6.2	Beredskap .....	18
6.3	Interkommunalt samarbeid .....	19
6.4	Meland kyrkje .....	19
6.5	Kommunestruktur .....	20

7	Kommentarar til drift/resultat for tenesteområda i 2014 og utsiktene framover .....	20
7.1	Adm. stab rådmann .....	20
7.2	Økonomikontoret .....	23
7.3	Interkommunale samarbeid .....	23
7.3.1	IKT og telefoni .....	23
7.3.2	Brannvern .....	23
7.4	Rådgevartenenesta og PPT-kontoret .....	24
7.5	Barnehagesektoren .....	24
7.5.1	Kommunal barnehagedrift .....	24
7.5.2	Private barnehagar .....	25
7.6	Grunnskulen i Meland .....	27
7.6.1	Diverse overordna forhold .....	27
7.6.2	Grasdal skule .....	31
7.6.3	Meland Ungdomsskule og vaksenopplæring .....	31
7.6.4	Rosslund skule .....	32
7.6.5	Sagstad skule .....	32
7.6.6	Vestbygd skule .....	33
7.7	Helse .....	33
7.8	NAV / sosiale tenester .....	34
7.9	Barnevern .....	36
7.10	Meland sjukeheim .....	38
7.11	Meland heimeteneste .....	42
7.12	Kultur .....	47
7.13	Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) .....	49
8	Investeringar i 2015 .....	53

# 1 Innleiing

## 1.1 Rådmann si oppsummering og kommentarar til 2015

Vi har levert også i 2015! Takk til alle tilsette og politikarar for godt utført arbeid også i 2015. Vi har mykje å vere stolte av.

Rekneskapen for 2015 syner nok eit år med godt resultat for Meland kommune. Årsaka er i stor grad at inntektene har vore noko høgare enn budsjettet, og vi har hatt kontroll på utgiftssida. Dette gjeld både tilskot og refusjonar. Vi har og fått kompensasjon for svak skatteinngang ut over det som var budsjettet, samt at renter og avdrag er lågare enn budsjettet. Det er gledelig at vi har så god økonomistyring at meirinntekter ikkje forsvinn i drift, men går til styrking av resultatet.

Det er sjølv sagt ikkje bra at sjukefråveret går opp og at refundert sjukeløn difor aukar. Det er nok fleire årsaker til at sjukefråveret går opp. I dei fleste tilfelle skuldast sjukefråveret ting som ikkje har direkte med jobben å gjere.

Ofte er det vanskeleg å definere om årsaka er arbeidsrelatert eller ikkje. Vi har dei same kroppane både på jobb og i fritida og plager og sjukdom kjem som ein del av det livet vi lever. Det er likevel viktig at vi som arbeidsgjevar gjer det vi kan for å førebyggje sjukdom og helseplager som kan relaterast til jobbsituasjonen. Motiverte, sunne og arbeidsføre tilsette er bærebjelken i ein velfungerande kommune.

Det vert utført mykje godt arbeid i Meland kommune, noko vi har lov til å vere stolte av. Men vi har alltid eit potensiale for å bli betre.

Korleis sikrar vi gode kommunale tenester i alt frå tilgjengelege bustader, kultur og fritidstilbod til drift av det tenesteapparatet som er nødvendig?

Det å sikre barnehagar av høg kvalitet, og skular der elevane trivst og opplever mestring er viktige tiltak for å skire friske og robuste innbyggjarar i framtida. Det å ha ei fungerande helseteneste med god noko kapasitet og kompetanse for dei som treng dette, er viktig for å oppretthalde god helse og funksjonsnivå for alle grupper av innbyggjarar.

Årsmelding og rekneskap er ei stadfesting og dokumentasjon på kva vi har levert og korleis stoda er på ulike felt i kommunen. Men det er og ein peikepinn på kor vi treng satse meir framover. Vi har i 2015 vedteke ein kommuneplan med høge ambisjonar for utvikling av Meland. Vi har ein stor jobb framføre oss i å realisere måla vi sette i samfunnsdelen til kommuneplanen. Vi har eit godt utgangspunkt for å ta tak i den delen av jobben.

Ingvild Hjelmtveit  
Rådmann

## 1.2 Framlegg til vedtak for årsrekneskapen 2015

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2015 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 9.100.447,46.
2. Mindreforbruket for 2015 på kr 9.100.447,46 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

## 2 Årsmelding – årsrekneskap 2015

### 2.1 Innleiing med kommentarar til årsmeldinga sitt innhald

Årsmeldinga er rådmann si utgreiing av kommunen si verksemd i rekneskapsåret, og skal gje ein overordna presentasjon og analyse av kommunen sin utvikling i året som gjekk. Årsmeldinga for 2015 er oppdelt etter tilrådingane i Standard nr 6 om noter og årsmelding frå Foreininga for god kommunal rekneskapsskikk (GKRS). Denne seier mellom anna at årsmeldinga skal gje eit dekkjande bilde av kommunen si utvikling, resultat og stilling. Årsmeldinga og årsrekneskapen utgjør egne separate dokument, jf. kommunelova §48, med separate krav til innhald og utgreiing.

Kapittel 2 i denne årsmeldinga inneheld kommunelova og rekneskapsstandarden sine krav til årsmeldinga si informasjonsplikt. Kapittel 3 til 8 er ein utvida kommentar til kommunen sine oppnådde resultat, analyser og vurdering av tenesteproduksjon, viktige hendingar og framtidige utfordringar. Det kan såleis vere at same forhold vert omtalt både i kap. 2 og seinare i årsmeldinga.

### 2.2 Oppsummert rekneskap 2015

Rekneskapsmessig mindreforbruk vart i 2015 kr 9,1 mill. I tillegg vart det budsjettert og rekneskapsført mindreforbruk / avsetning til disposisjonsfond på kr 5,4 mill., slik at overskot for året reelt er kr 14,5 mill. Dette er kr 0,4 mill. lågare enn tilsvarande tal for 2014.

#### 2.2.1 Hovudoversikt driftsrekneskap 2015

	Tal i heile 1 000 kr				
Hovudoversikt rekneskap	Regnsk. 2015	Reg. bud. 2015	Oppr.bud. 2015	Regnsk. 2014	Endring 2014-2015
Driftsinntekter	518 003	494 531	494 401	488 079	29 924
Lønnsutgifter og sosiale utgifter	298 353	295 049	288 919	269 432	-28 921
Andre driftsutgifter	205 800	194 444	200 444	215 378	9 578
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>13 850</b>	<b>5 038</b>	<b>5 038</b>	<b>3 269</b>	<b>10 581</b>
Brutto driftsresultat i prosent av sum driftsinnt.:	2,67 %	1,02 %	1,02 %	0,67 %	2,00 %
Eksterne finansinntekter	6 175	5 555	5 555	16 268	-10 093
Sum eksterne finansutgifter	22 613	24 220	24 220	24 302	1 689
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>-16 438</b>	<b>-18 665</b>	<b>-18 665</b>	<b>-8 035</b>	<b>-8 403</b>
Motpost avskrivningar	18 829	19 060	19 060	18 971	-142
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>16 241</b>	<b>5 433</b>	<b>5 433</b>	<b>14 206</b>	<b>2 036</b>
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinnt.:	3,14 %	1,10 %	1,10 %	2,91 %	0,22 %
Netto avsetningar (ekskl. avsetn disp.fond)	-1 741	-33	-33	712	-2 452
<b>Resultat før avsetn. disp. fond / inndekk.</b>	<b>14 500</b>	<b>5 400</b>	<b>5 400</b>	<b>14 917</b>	<b>-417</b>
Avsatt til disp.fond / inndekk. tildl. års underskot	5 400	5 400	5 400	11 818	
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	9 100	-	-	3 099	
<b>Sum overskot 2014</b>	<b>14 500</b>	<b>5 400</b>	<b>5 400</b>	<b>14 917</b>	<b>-417</b>
Overskot i prosent av sum driftsinnt.:	2,80 %	1,09 %	1,09 %	3,06 %	-0,26 %

Brutto driftsresultat vart i 2015 på kr 13,9 mill., ei auke med kr 10,6 mill. frå 2014.

Netto driftsresultat er kr 16,2 mill., som utgjer 3,14% av sum driftsinntekter. Dette er ca. 1,4% meir enn justert måltal som fylkesmannen brukar på 1,7 %. Netto driftsresultat i 2014 var kr 14,2 mill. (2,91%), og auken frå 2014 til 2015 er såleis kr 2 mill. Dersom rekneskapen vert vedteken som i framlegget vil kommunen ved utgangen av 2015 ha eit disposisjonsfond på kr 32,4 mill., som er 6,3 % av driftsinntektene.

## 2.2.2 Internrekneskap drift 2015

tal i heile 1 000 kr

Meland kommune 2015	Regnsk. 2015	Budsj. 2015 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2014	Auke 14-15	Auke 14-15 i %
Netto inntekter økonomi og finans (skatt, rammetilskot m.m.)	406 851	404 000	2 851	0,7 %	394 389	12 462	3,2 %
Netto utgiftsramme delegert til rådmann:	392 351	398 600	6 249	1,6 %	379 472	12 879	3,4 %
<b>Resultat før inndeking og avsetninger</b>	<b>14 500</b>	<b>5 400</b>	<b>9 100</b>		<b>14 917</b>	<b>-417</b>	
Avsetning til disposisjonsfond:	5 400	11 818	-6 418		11 818		
Reknskapsmessig mindreforbr.	9 100		9 100		3 099		
<b>Sum overskot:</b>	<b>14 500</b>	<b>11 818</b>	<b>2 682</b>		<b>14 917</b>		

Vi budsjetterte i 2015 med netto inntekter på kr 404 mill. Rekneskapen viste kr 406,9 mill., eit positivt avvik på kr 2,9 mill. I 2014 var netto inntekter kr 394,4 mill., og auka frå 2014 til 2015 er på kr 12,5 mill. eller 3,2%. Rådmann var i budsjettet for 2015 tildelt ei ramme på kr 389,6 mill. til fordeling på dei ulike driftseiningane. Rekneskapen viser netto utgifter på 392,4 mill., ei innsparing i forhold til overordna ramme på kr 6,2 mill. I rekneskapen for 2014 var netto driftsutgifter på tenestoområda kr 379,5 mill., og veksten i utgifter frå 2014 til 2015 er på kr 12,9 mill. eller 3,4%, som er 0,2% høgare enn inntektsveksten. Overskot for 2015 er på kr 14,5 mill., som er kr 9,1 mill. betre enn det budsjetterte overskotet på kr 5,4 mill.

## 2.2.3 Spesifikasjon av netto inntektsramme

### Skatt og rammetilskot

Tabellen på neste side syner at Meland kommune i 2015 har ein auke i skatteinntekter på kr 12,8 mill., frå 160,9 mill. i 2014 til kr 173,7 mill. i 2015, ein auke på 8,0%. Dette er kr 1,3 mill. lågare enn i budsjettet for 2015. Etter 0-vekst i skatteinntektene i 2014 er vi i 2015 tilbake til ein relativt høg skattevekst på nivå med tidlegare år. Skatteinntektene per innbyggjar (gjennomsnitt for året) er i 2015 kr 22.340,- mot kr 21.060,- i 2014, ein auke på 6,1%. Nasjonalt auka skatteinntektene med 6,0 % frå 2014 til 2015.

Sjølv med ein høgare vekst i skatteinntektene i Meland kommune enn nasjonalt er skatteinntektene i 2015 kr 1,3 mill. lågare enn budsjettert. Dette skuldast først og fremst lågare skatteinntekter i 2014 enn budsjettert, slik at grunnlaget som vi gjekk inn i 2015 med var lågare enn rekna med. Kommunen vart kompensert for låge skatteinntekter både gjennom auke i rammetilskot og auka inntekter frå inntektsutjamningsordninga. Sum skatt og rammetilskot vart i 2015 kr 2,2 mill. høgare enn budsjettert. Høgare skattevekst nasjonalt enn rekna med i revidert nasjonalbudsjett gjer at auken i inntekter frå skatteutjamninga er større enn det negative budsjettavviket vedr. skatt.

tal i heile 1 000 kr

<b>Spes. av netto innt. økonomi og finans</b>	<b>Reknsk. 2015</b>	<b>Bud. reg. 2015</b>	<b>Avvik</b>	<b>Oppr. bud. 2015</b>	<b>Reknsk. 2014</b>	<b>Endr 2014 2015</b>	<b>Endr i %</b>
Skatt	173 698	174 960	-1 262	174 960	160 909	12 789	7,9 %
Rammetilskot	198 420	196 780	1 640	196 780	185 025	13 395	7,2 %
Innt. utjamning	19 673	17 860	1 813	17 860	18 745	928	5,0 %
<b>Sum skatt og rammetilsk.</b>	<b>391 791</b>	<b>389 600</b>	<b>2 191</b>	<b>389 600</b>	<b>364 679</b>	<b>27 112</b>	<b>7,4 %</b>
<b>Avdrag</b>	<b>-13 190</b>	<b>-14 320</b>	<b>1 130</b>	<b>-14 320</b>	<b>-13 509</b>	<b>319</b>	<b>-2,4 %</b>
Avskrivningar	-12 703	-12 294	-409	-12 295	-12 857	154	-1,2 %
Kalk. avskr. komm. bygg	2 300	2 300	-	2 300	2 300	-	0,0 %
Motpost avskr.	18 829	19 060	-231	19 060	18 971	-142	-0,7 %
<b>Netto avskrivningar</b>	<b>8 426</b>	<b>9 066</b>	<b>-640</b>	<b>9 065</b>	<b>8 414</b>	<b>12</b>	<b>0,1 %</b>
Renteutgifter	-9 281	-10 300		-10 300	-10 638	1 357	-12,8 %
Rentekomp.	2 142	2 460	-318	2 460	2 287	-145	-6,3 %
Kalk. renter selvkostomr.	2 514	3 000	-486	3 000	3 330	-816	-24,5 %
Byggelånsrenter invest.	37	500	-463	500		37	
Renter utlån	996	1 175	-179	1 175	1 037	-41	-4,0 %
Renteinntekter	1 973	1 330		1 330	1 904	69	3,6 %
<b>Diverse rentepostar</b>	<b>-1 619</b>	<b>-1 835</b>	<b>216</b>	<b>-1 835</b>	<b>-2 080</b>	<b>461</b>	<b>-22,2 %</b>
Eigedomsskatt	18 523	18 600	-77	18 600	23 631	-5 108	-21,6 %
Utbytte	3 046	3 000	46	3 000	13 086	-10 040	-76,7 %
Div utgifter og inntekter	-126	-111	-15	-101	168	-294	
<b>Sum andre postar</b>	<b>21 443</b>	<b>21 489</b>	<b>-46</b>	<b>21 499</b>	<b>36 885</b>	<b>-15 442</b>	<b>-41,9 %</b>
<b>Sum økonomi og finans</b>	<b>406 851</b>	<b>404 000</b>	<b>2 851</b>	<b>404 009</b>	<b>394 389</b>	<b>12 462</b>	<b>3,2 %</b>

### **Avdrag**

Avdrag i driftsrekneskapen er bokført med kr 13,2 mill., mot budsjettert 14,3 mill. Av dette er kr 11,5 mill. betalte avdrag og kr 1,7 mill. avsetning som følgje av for lite betalte avdrag i forhold til berekna minimumsavdrag etter reglane i kommunelova §50. I tillegg er det utgiftsført kr 2,3 mill. i investeringsrekneskapen som avdrag på formidlingslån (startlån frå Husbanken).

### **Netto avskrivningar**

Avskrivningane går totalt sett i null i kommunerekneskapen. At vi på finansområdet har ein netto inntekt i 2015 på kr 8,4 mill. vedr. avskrivningar skuldast at tilsvarande sum er kostnadsført på tenestoområde for Plan, Utbygging og kommunalteknikk (PUK), på drift av kommunale bygg og til vassverk- og avløpsanlegg (sjølvkostrekneskapa).

### **Diverse rentepostar**

Totalt er det bokført kr 9,3 mill. i renter på lån i 2015, ein reduksjon med kr 1,3 mill. i forhold til 2014, der kostnaden var kr 10,6 mill. Dette skuldast reduksjon i rentenivå.

Vi fekk i 2015 kr 2,1 mill. i rentekompensasjonsmidlar for dekking av renteutgifter vi har på skule og institusjonsbygg. Vi har fordelt kr 2,5 mill. som kalkulatoriske renter til sjølvkostrekneskapa for vassverk- og avløpsanlegg. I tillegg har vi i 2015 kr 1,0 mill. i inntekt på vidareutlån og kr 2,0 mill. i renteinntekt på bankinnskot og fondsplasseringar. Netto bokført renteutgift er såleis kr 1,6 mill. Det er kr 0,2 mill. mindre enn i budsjettet, og kr 0,5 mill. mindre enn i 2014.

### Eigedomsskatt og utbytte m.m.

Satsen for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedommar vart justert ned frå 5 promille i 2014 til 3,5 promille i 2015. Satsen på verk og bruk er 7 promille i 2015 som tidlegare. Inntektene vart som følgje av dette redusert med kr 5,1 mill. frå kr 23,6 mill. i 2014 til kr 18,5 mill. i 2015. Kommunen fekk i 2015 utbytte frå BKK på kr 3,0 mill., mot kr 6,1 mill. i 2014. I 2014 fekk vi i tillegg eit ekstraordinært utbytte på kr 7,0 mill. Dei totale utbytteinntekter i 2015 er difor kr 10,0 mill. lågare enn i 2014.

### **2.2.4 Netto utgiftsramme delegert til rådmannen**

Tabellen nedanfor viser korleis rådmann internt i budsjettet for 2015 har fordelt utgiftsramma på kr 398,6 mill. til dei ulike tenesteområda som kommunen er organisert i, og resultatet for kvart tenesteområde. Tenesteområda sine fullmakter er regulert gjennom leiaravtalar. I sum har tenesteområda levert netto utgifter på kr 392,4 mill., som er 6,2 mill. lågare enn utgiftsramma. Dei fleste tenesteområda har positive avvik. Størst meirforbruk har vi i barnevernstenesta, med eit meirforbruk på kr 1,1 mill.

#### **Netto utgiftsramme delegert til rådmann fordelt administrativt på Tenesteområda:**

tal i heile 1 000 kr

<b>Tenesteområde</b>	<b>Regnsk. 2015</b>	<b>Budsj. 2015 (rev)</b>	<b>Avvik</b>	<b>Avvik i %</b>	<b>Regnsk. 2014</b>	<b>Auke 14-15</b>	<b>Auke 14-15 i %</b>
Politikk/Rådmannskontor	16 386	16 250	-136	-0,8 %	14 602	1 784	12,2 %
Økonomikontor	8 377	8 553	176	2,1 %	8 078	299	3,7 %
IKT og andre Interkomm. samarbeid	13 548	13 020	-528	-4,1 %	12 495	1 053	8,4 %
Rådgjevartenesta ekskl. private barneh.	9 621	9 193	-428	-4,7 %	9 189	432	4,7 %
Private barnehagar (tilskot og adm)	74 213	74 995	782	1,0 %	76 616	-2 403	-3,1 %
PPT	2 133	1 993	-140	-7,0 %	1 977	156	7,9 %
Kommunal barnehagedrift	5 235	5 441	206	3,8 %	6 111	-876	-14,3 %
Grasdalen skule	10 867	10 774	-93	-0,9 %	9 643	1 224	12,7 %
Meland Ungdomsskule og Vaksenoppl.	16 304	17 517	1 213	6,9 %	16 331	-27	-0,2 %
Rossland skule	22 722	22 784	62	0,3 %	21 727	995	4,6 %
Sagstad skule	25 024	26 245	1 221	4,7 %	23 915	1 109	4,6 %
Vestbygd skule	14 915	14 761	-154	-1,0 %	13 640	1 275	9,3 %
Helse	22 543	24 057	1 514	6,3 %	28 793	-6 250	-21,7 %
Sosiale tenester	10 039	11 826	1 787	15,1 %	12 172	-2 133	-17,5 %
Barnevern	10 463	9 316	-1 147	-12,3 %	7 593	2 870	37,8 %
Meland Sjukeheim	37 606	38 152	546	1,4 %	32 163	5 443	16,9 %
Meland heimetenester	56 585	57 927	1 342	2,3 %	49 982	6 603	13,2 %
Kulturkontor	7 648	7 726	78	1,0 %	6 637	1 011	15,2 %
PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	28 122	28 070	-52	-0,2 %	27 808	314	1,1 %
<b>Sum netto utgift - internt fordelt ramma frå rådmann</b>	<b>392 351</b>	<b>398 600</b>	<b>6 249</b>	<b>1,6 %</b>	<b>379 472</b>	<b>12 879</b>	<b>3,4 %</b>

I internrekneskapen bruker vi som vist i tabellen over netto rammes per tenesteområde der alle inntekter og utgifter for tenesteområdet er inkludert. I årsrekneskapen vert fordeling av rammene vist i rekneskapskjema 1B, medan ein del av inntektene knytta til drifta vert ført i skjema 1A, og ikkje fordelt på tenesteområda. I tabellen på neste side viser vi samanhengen mellom interne driftsrammer og skjema 1A og 1B i årsrekneskapen. Vi ser at for alle områda er sum av skjema 1A og 1B lik netto ramme.

Ytterlegare kommentarar til resultat og utvikling for tenesteområda kjem i kap. 7.



**Samanlikning 1 A og 1 B med intern driftsrapport per tenesteområde**

Tall i heile 1000 kr	Rekneskapsskjema 1A		Rekneskapsskjema 1B		Sum Reknesk.skj. 1A+1B		Interne driftsrammer 2015	
	Rekn. 15	Bud 15 (rev)	Rekn. 15	Bud 15 (rev)	Rekn. 15	Bud 15 (rev)	Rekn. 15	Bud 15 (rev)
10 Politikk/Rådmannskontor	-4	-	16 391	16 250	16 386	16 250	16 386	16 250
11 Økonomikontor	9	-	8 368	8 553	8 377	8 553	8 377	8 553
12 Økonomi/Finans	-398 632	-395 045	-8 219	-8 955	-406 851	-404 000		
13 IKT og andre Interkomm. samarbeid	13	-	13 535	13 020	13 548	13 020	13 548	13 020
14 Rådjevartenes ekskl. private barneh.	-17	-	9 639	9 193	9 621	9 193	9 621	9 193
15 Private barnehagar (tilskot og adm)	48	-	74 165	74 995	74 213	74 995	74 213	74 995
19 PPT			2 133	1 993	2 133	1 993	2 133	1 993
20 Kommunal barnehagedrift	-26	-	5 261	5 441	5 235	5 441	5 235	5 441
21 Grasdal skule	-13	-	10 880	10 774	10 867	10 774	10 867	10 774
23 Meland Ungdomsskule og Vaksenoppl.	-32	-	16 336	17 517	16 304	17 517	16 304	17 517
24 Rossland skule	-78	-	22 800	22 784	22 722	22 784	22 722	22 784
25 Sagstad skule	-84	-	25 108	26 245	25 024	26 245	25 024	26 245
26 Vestbygd skule	-5	-	14 919	14 761	14 915	14 761	14 915	14 761
30 Helse	-754	-	23 297	24 057	22 543	24 057	22 543	24 057
35 Sosiale tenester	-7 239	-6 068	17 278	17 894	10 039	11 826	10 039	11 826
36 Barnevern	0	-	10 463	9 316	10 463	9 316	10 463	9 316
37 Meland Sjukeheim	14	-	37 593	38 152	37 607	38 152	37 607	38 152
38 Meland heimetenester	7	-	56 578	57 927	56 585	57 927	56 585	57 927
50 Kulturkontor	215	-	7 433	7 726	7 648	7 726	7 648	7 726
60 PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	-931	377	29 053	27 693	28 122	28 070	28 122	28 070
Sum netto rammer per tenesteområde	-407 512	-400 736	393 012	395 336	-14 500	-5 400	-392 351	-398 600
Mindreforbruk (overskot)	14 500	5 400			14 500	5 400	14 500	5 400
<b>Netto inkl. mindreforbruk</b>	<b>-393 012</b>	<b>-395 336</b>	<b>393 012</b>	<b>395 336</b>				
<b>Netto finansomr. interne rammer</b>							<b>-406 851</b>	<b>-404 000</b>

## 2.3 Investeringsrekneskaper

Tabellen nedanfor viser at det er bokført investeringar for kr 40,3 mill. Største prosjekt er utbygging av Grasdal og Sagstad skular. Førebels er det berre påløpt til saman kr 3,2 mill. i planlegging og prosjekteringskostnadar på desse prosjekta. Andre store prosjekt er kjøp av bustadar til flykningar og vanskelegstilte med i alt kr 6,2 mill. Sum prosjekt innan Vatn og Avlaup er bokført til kr 12,8 mill. Vi har og utlån, avdrag og avsetningar med kr 8,3 mill. knytt til kommunen sin vidareformidling av startlån frå Husbanken. Sum finansieringsbehov i investeringsrekneskaper er dermed kr 40,3 mill.

Investeringar 2015	tal i heile 1 000 kr			
	Regnsk.	Rev. bud.	Avvik regn - budsj	Oppr. bud.
IKT-investeringar + Inventar	2 252	2 273	-21	1 875
DIV. - Kommunale eigned. / bygg / vegar / kaier	1 984	5 387	-3 403	6 262
Utbygging Grasdal og Sagstad skular	3 232	3 500	-268	20 250
Utleiebustader og omsorgsbustader	6 151	9 100	-2 949	9 875
Asfaltering, veglys og trafikksikring	2 751	3 688	-937	3 688
Anleggsmaskinar og Aggregat	2 020	5 125	-3 105	1 375
Ladepunkt El-Bilar	-	313	-313	313
Div finansiert av andre	-	4 900	-4 900	1 800
Diverse prosjekt vassverk og avlaup	12 800	15 885	-3 085	36 100
<b>Sum brutto investeringar</b>	<b>31 190</b>	<b>50 171</b>	<b>-18 981</b>	<b>81 538</b>
Kap.inskot KLP	813	700	113	700
Avsetn. til fond	75		75	
Startlån - Utlån, Avdrag og avsetninger	8 261	9 323	-1 062	9 323
<b>Sum andre investeringsaktivitetar</b>	<b>9 149</b>	<b>10 023</b>	<b>-874</b>	<b>10 023</b>
<b>Sum finansieringsbehov i investeringsrekneskaper</b>	<b>40 339</b>	<b>60 194</b>	<b>-19 855</b>	<b>91 561</b>
Momsrefusjon / momscomp.	2 206	3 718	-1 512	7 888
Tilskot, refusjonar, salsinntekter	87		87	
Bruk av lånemidlar	27 680	41 188	-13 508	71 650
Bruk av kapitalfond	1 864	5 965	-4 101	2 700
Lånemidlar, avdrag og kapitalfond Startlån	8 502	9 323	-821	9 323
<b>Sum finansiering</b>	<b>40 339</b>	<b>60 194</b>	<b>-19 855</b>	<b>91 561</b>

## 2.4 Balansen

Sum eigendeler har auka med kr 78 mill. i løpet av 2015, frå kr 1 200 mill. per 31.12.2014 til kr 1 278 mill. per 31.12.2015. Eigenkapitalen er samstundes auka med kr 33 mill. og langsiktig gjeld er auka med kr 43 mill. Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforplikting.

tal i heile 1 000 kr

Balanse - 31.12.xx	Regnsk. 2015	Regnsk. 2014	Regnsk. 2013
Eigedomar, anlegg, utstyr og transp.m.	542 814	530 500	530 430
Utlån	35 359	38 827	42 755
Aksjer og andeler	100 405	99 593	98 719
Pensjonsmidlar	428 448	397 329	367 769
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>1 107 026</b>	<b>1 066 249</b>	<b>1 039 673</b>
Kortsiktige fordringar	17 418	18 664	32 360
Premieawik	23 157	25 208	18 678
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	130 942	90 235	52 555
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>171 517</b>	<b>134 107</b>	<b>103 593</b>
<b>Sum eigendelar</b>	<b>1 278 543</b>	<b>1 200 356</b>	<b>1 143 266</b>
Bundne driftsfond	19 387	17 646	18 506
Investeringsfond (bundne og ubundne)	24 573	22 336	13 126
Disposisjonsfond	23 324	14 825	
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	9 100	3 099	3 007
Kapitalkonto	157 327	142 399	140 315
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>233 711</b>	<b>200 305</b>	<b>174 954</b>
Pensjonsforpliktingar	529 188	517 493	493 508
Lånegjeld	443 515	411 783	410 605
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>972 703</b>	<b>929 276</b>	<b>904 113</b>
Diverse kortsiktig gjeld	67 301	65 220	59 742
Premieawik	4 828	5 555	4 457
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>72 129</b>	<b>70 775</b>	<b>64 199</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>1 278 543</b>	<b>1 200 356</b>	<b>1 143 266</b>
memoriakonto: Ubrukte lånemidlar	25 796	8 218	7 548

Netto lånegjeld er definert som lånegjeld minus utlån (startlån), og er kr 408 mill. i 2015, opp frå kr 373 mill. i 2014. Dette utgjer i 2015 78,8% av driftsinntektene, ein auke frå 76,4% i 2014 og frå 78,5% i 2013. Lånegjeld per innbyggjar er kr 52.247,- for 2015, ein auke frå kr 48.210,- i 2014.

Nøkkeltal lånegjeld og pensjon	Regnsk. 2015	Regnsk. 2014	Regnsk. 2013
Netto lånegjeld (lånegjeld minus utlån) mill kr:	408,2	373,0	367,9
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinnt.:	78,8 %	76,4 %	78,5 %
Netto lånegjeld pr innbyggjar - heile kr :	52 247	48 210	48 761

Netto pensjonsmidlar og forplikting inkl. premieawik (minus betyr netto gjeld) - heile kr:	-82 411	-100 511	-111 518
--	---------	----------	----------

I tabellen på neste side listar vi opp alle kortsiktige balansepostar som har påverknad på netto likviditet tilgjengeleg til drift. Vi ser at balansen er betra frå kr 4,5 mill. per 31.12.2013 til 13,1 mill. per 31.12.2014 og auka med ytterlegare med kr 17,6 mill. til kr 30,7 mill. per 31.12.2015. Likviditetsforbetringa kjem som følge av at kommunen har evna å gå med overskot og sette av midlar til disposisjonsfond. Auken i bankinnskot og kortsiktige plasseringar er auka med kr 41 mill. frå 2014 til 2015. Det er auke både i fri likviditet til drift og i ubrukne lånemidlar.

<b>Netto kortsiktige balanseposter / likviditet</b>	<b>Regnsk. 2015</b>	<b>Regnsk. 2014</b>	<b>Regnsk. 2013</b>
Bankinnskott og kortsikt. plasseringar	130 942	90 235	52 555
Kortsiktige fordringar	17 418	18 664	32 360
Diverse kortsiktig gjeld	-67 301	-65 220	-59 742
Investeringsfond (bundne og ubundne)	-24 573	-22 336	-13 125
Unyttta lånemidlar	-25 796	-8 218	-7 548
<b>Netto likviditets over/underskot til drift</b>	<b>30 690</b>	<b>13 125</b>	<b>4 500</b>
Endring frå året før	17 565	8 625	25 094

## 2.5 Økonomistyring

Kommunen klarer å oppnå eit godt resultat fordi ein i 2015 som i de siste åra har klart å halde ei stram økonomistyring og tett kostnadsoppfølging, særleg av lønsutgiftene. Rådmann har fokus på at budsjettansvaret skal liggje der utgiftene faktisk påløper, og at vi gjennom ein flat organisasjonsstruktur får leiarar som både har og tek ansvar for eige budsjett og økonomioppfølging. Vi meiner og vi har god budsjett disiplin på alle nivå i organisasjonen.

På nokre område ser vi likevel at det er rom for forbetringar av kommunen si økonomistyring. Kommunen har fleire forhold påpeika av revisor som ein i 2015 ikkje har hatt tilstrekkeleg med ressursar til å følgje opp. Bemanninga på økonomikontoret vil verte styrka i 2016 for avhjelpe desse utfordringane.

## 2.6 Likestilling

80% av arbeidsstokken i Meland er kvinner og 20% er menn. I rådmann si leiargruppe er det 65% kvinner og 35% menn. Med utgangspunkt i vedtekne retningslinjer vert det jobba aktivt for å redusere omfanget av ufrivillig deltid, og det vart m.a. i 2015 gjennomført til eit forsøksprosjekt med årsturnus ved Meland sjukeheim.

## 2.7 Etisk standard og etisk arbeid i kommunen

Meland kommune har etiske retningslinjer (politisk vedtatt).

Kommunen deltar i det nasjonale prosjektet Etisk kompetanseheving.

Etikk er tema på ulike møte. t.d. i rådmannen sine leiarmøte og på møte med nytilsette.

Meland kommunen er medlem i Transparency International.

## 2.8 Økonomiske utsikter

Meland kommune sin økonomi er prega av høg vekst og ein relativt ung befolkning som gjer at gjennomsnittlege skatteinntekter er under 90% av landsgjennomsnittet. I 2015 vart folkeveksten på 1,0%, som er noko lågare enn den har vore dei siste åra, men den er venta og ta seg opp att vidare framover.

Inntektene til kommunen er i stor grad styrt gjennom dei avgjerder som vert teken når det gjeld utviklinga av kommuneøkonomien i dei årlege statsbudsjetta. Førrebels berekning av effekt av framlegg til nytt inntektsystem for kommunane som var på høyring tidleg i 2016 viser at Meland kommune kan vente seg ein reduksjon i rammeoverføringane frå 2017 på mellom 5 og 10 mill. kr. Det vil verte utfordrande å kutte tilsvarende i utgiftene dersom endringane vert gjennomført som skissert i høyringsframlegget.

Det er heller ikkje utsikter til å auke andre inntekter. Eigedomsskatten kan aukast noko, men det er eit politisk val.

Når vi samanliknar Meland med andre kommunar ser vi at kommunen har låge driftsutgifter på dei fleste tenesteområda. Vi kan bare levere gode tenester gjennom å ha eit dyktig personale som kan levere effektive tenester med høg kvalitet. Fleire brukarundersøkingar på ulike områder dei siste åra tyder på at dette får vi til på ein relativt god måte. Det er ikkje utsikter til at ein kan få auke i ressursar til tenesteområda framover.

Veksten gjev store utfordringar når det gjelder kapasitet på kommunen sine lokalar for tenesteproduksjon. Kommunen har mellom anna vedteke utbygging av Grasdal og Sagstad skular med til saman kr 120 mill. (inkl. mva). Det er og trong for store investeringar innan vass- og avløpssektoren. Utfordringa for kommunen vert å ha økonomisk evne til å kunne gjennomføre naudsynte investeringar utan at det går ut over ressursar til direkte tenesteyting.

### 3 Meland kommune i 2015

#### 3.1 Folketalsutvikling og demografi

Utvikling i folketal og demografi er eit av dei viktigaste føresetnadene for både inntekts- og utgiftsutviklinga i ein kommune. Pr 31.12.2015 var folketallet i Meland kommune 7.812, ein auke på 76 personar frå 2014 (eller 0,98%). Dette er betydeleg lågare enn veksten dei siste åra.

**Folketalsutvikling Meland kommune 2004 - 2015:**

År:	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2014
pr 31.12. i året	5 861	5 931	6 016	6 233	6 478	6 631	6 824	7 036	7 347	7 544	7 736	7 812
Vekst frå året før	96	70	85	217	245	153	193	212	311	197	192	76
Vekst i %	1,67 %	1,19 %	1,43 %	3,61 %	3,93 %	2,36 %	2,91 %	3,11 %	4,42 %	2,68 %	2,55 %	0,98 %

For å vise den demografiske utviklinga vert folketal pr 1. juli brukt. I tabellen nedanfor ser vi at veksten frå 1. juli 2014 til 1. juli 2015 er på 1,6 %, som er 0,9% lågare enn i 2014 og endå lågare i forhold til dei føregåande år. I perioden 2011-2013 var veksten svært stor for born 0-5 år, mens den var betydeleg lågare i 2014 med 1,9% og i 2015 hadde vi ein reduksjon på 0,8% i barn i føreskulealder.

For born i grunnskulealder 6-15 år var veksten låg til og med 2013, men er høgare både i 2014 med ein vekst på 4,1% og i 2015 med 3,2%. I aldersgruppa over 67 år er veksten fortsatt høg, slik den har vore dei siste åra.

**Folketalsutvikling Meland kommune 2010 - 2015**


fordelt på aldersgrupper:

Endring frå året før:

Endr. i % frå året før:

pr 1. juli i året:	2011	2012	2013	2014	2015	2012	2013	2014	2015	2012	2013	2014	2015
0-5 år	647	693	743	757	751	46	50	14	-6	7,1 %	7,2 %	1,9 %	-0,8 %
6-15 år	1 052	1 065	1 076	1 120	1 156	13	11	44	36	1,2 %	1,0 %	4,1 %	3,2 %
16-22 år	669	693	733	725	717	24	40	-8	-8	3,6 %	5,8 %	-1,1 %	-1,1 %
23-66 år	3 908	4 086	4 197	4 278	4 349	178	111	81	71	4,6 %	2,7 %	1,9 %	1,7 %
67-89 år	608	637	684	739	767	29	47	55	28	4,8 %	7,4 %	8,0 %	3,8 %
90 år +	43	46	44	48	49	3	-2	4	1	7,0 %	-4,3 %	9,1 %	2,1 %
<b>Sum</b>	<b>6 927</b>	<b>7 220</b>	<b>7 477</b>	<b>7 667</b>	<b>7 789</b>	<b>293</b>	<b>257</b>	<b>190</b>	<b>122</b>	<b>4,2 %</b>	<b>3,6 %</b>	<b>2,5 %</b>	<b>1,6 %</b>

Meland kommune har ein relativt ung befolkning. Tabellen under viser folketal per 01.07.2015 fordelt prosentvis på aldersgrupper. 9,6 % av befolkninga i Meland kommune er under 6 år mot 7,2 % totalt for landet. Aldersgruppa 6-15 år er og større enn snitt for landet med 14,8 % mot 12,0%, medan vi har relativt færre eldre innbyggjarar. Aldersfordelinga er ein av dei viktigaste parametrar for berekning av rammetilskotet til kommunen. Vi får meir til skule og barnehage og mindre til eldreomsorg enn ein gjennomsnittleg norsk kommune.



Tabellane under syner at utviklinga med relativt høge fødselsoverskot held fram i 2015 samanlikna med føregåande år. Talet på fødde utgjer 1,4% av folketalet pr.1.1.2015, og fødselsoverskotet er på 0,8% mot 1,05 i 2014.

#### Fødselsoverskot:

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Fødde	70	81	93	84	93	92	93	114	120	110	107
Døde	29	36	35	31	54	49	42	42	38	35	47
Fødselsoverskot:	41	45	58	53	39	43	51	72	82	75	60

#### Netto inn-utflytting:

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Innflytting	328	362	420	479	450	460	572	619	539	561	466
Utflytting	303	324	265	287	333	308	411	380	424	444	450
Netto innflytting:	25	38	155	192	117	152	161	239	115	117	16

I 2015 flytta 450 personar ut av kommunen og 466 personar inn. Dette er høvesvis 5,8% og 6,0% av folketalet pr. 1.1.2015. Vi kan såleis seie av vi har ein stor sirkulasjon på innbyggjarane i Meland kommune, der vi skiftar ut meir enn kvar 20. innbyggjar i året. I 2015 er det særleg innflyttinga som er lågare enn tidlegare år. Så å seie heile nedgongen i folkevekst i 2015 samanlikna med tidlegare år skuldast lågare innflytting til kommunen.

Tabellen på neste side viser at Meland kommune er nr 5 i Norge når det gjelder gjennomsnittlig folkevekst dei siste 5 åra. Sjølve med lågare vekst i 2015 enn dei siste åra er fortsatt Meland kommune såleis fortsatt ein av dei fremste vekstkommunane i landet, og har utfordringar deretter.

**Kommunar med størst gjennomsnittleg folkevekst siste 5 år (2010-2015)**

Nr	Kommune - tal per 31.12. i året	2010	2015	Sum endr 10-15	Endr. % 14-15	Sum endr % 10-15	Gj.snitt per år
1	1142 Rennesøy	4 202	4 856	654	1,3 %	15,6 %	3,1 %
2	2023 Gamvik	991	1 139	148	2,1 %	14,9 %	3,0 %
3	1657 Skaun	6 756	7 755	999	1,1 %	14,8 %	3,0 %
4	1243 Os (Hord.)	17 210	19 742	2 532	3,4 %	14,7 %	2,9 %
5	1256 Meland	6 824	7 812	988	1,0 %	14,5 %	2,9 %
6	0211 Vestby	14 708	16 732	2 024	2,6 %	13,8 %	2,8 %
7	0235 Ullensaker	30 081	34 189	4 108	2,6 %	13,7 %	2,7 %
8	0214 Ås	16 733	18 992	2 259	2,6 %	13,5 %	2,7 %
9	0137 Våler (Østf.)	4 573	5 186	613	1,7 %	13,4 %	2,7 %
10	1529 Skodje	4 079	4 620	541	3,5 %	13,3 %	2,7 %

Ser vi isolert på folkeveksten i 2015 er Meland nr 123 i Norge og nr 14 i Hordaland. Se tabellen under for vekst i utvalde kommunar i Hordaland i 2015.

Nr i Norge	Nr i Hordal.	Kommune	2014	2015	Endr. 14-15	Endr. % 14-15	Gj.snitt siste 5 år
6	1	1243 Os (Hord.)	19 097	19 742	645	3,4 %	2,9 %
8	2	1245 Sund	6 752	6 975	223	3,3 %	2,3 %
16	3	1259 Øygarden	4 733	4 852	119	2,5 %	2,6 %
39	6	1247 Askøy	27 858	28 380	522	1,9 %	2,2 %
42	7	1246 Fjell	24 427	24 870	443	1,8 %	2,4 %
65	10	1253 Osterøy	7 842	7 957	115	1,5 %	1,3 %
77	11	1263 Lindås	15 402	15 607	205	1,3 %	1,5 %
90	12	1260 Radøy	5 014	5 077	63	1,3 %	0,7 %
123	14	1256 Meland	7 736	7 812	76	1,0 %	2,9 %
140	15	1201 Bergen	275 112	277 391	2 279	0,8 %	1,3 %

Totalt for Norge er folkeveksten i 2015 på 0,93% og 1,01% for Hordaland.

### 3.2 Kommuneplan, arealdel 2015-2026

Meland kommunestyre har i medhald plan- og bygningslova § 11-15 i møte den 17.06.15 i sak 58/2015 godkjent kommuneplan for Meland kommune, arealdel 2015-2026.

#### Områdeplan Midtmarka/Rotemyra

Kommunen har og starta opp arbeidet med områdeplan Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Dette er eit offentleg privat samarbeid. Planprogrammet vart vedteke i kommunestyre i juni. Arbeidet med sjølve planen er starta opp. Det har i prosessen vore av stor grad medverknad, med mellomanna folkemøter og informasjonsdagar og ein tverrfagleg workshop om utvikling i planområdet.

## 4 Politisk organisasjon og aktivitet i 2015

### 4.1 Politisk organisasjon i 2015

#### Meland kommune har for tida slik politisk organisering:

Kommunestyret:	27 medlemmer
Formannskapet:	7 medlemmer
Administrasjonsutval:	10 medlemmer (formannskapet + 3 frå arbeidstakarorganisasjonane)
Utval for levekår:	9 medlemmer
Utval for drift og utvikling:	9 medlemmer
Klagenemnda:	Personidentisk med formannskapet
Valstyret:	Personidentisk med formannskapet
Fellesrådet (samleutval for råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet):	8 medlemmer.
Sakkunng nemnd eigedomsskatt:	3 medlemmer
I tillegg har vi kontrollutval:	5 medlemmer.

I vedtak i kommunestyret 9. sept 2015 vart det vedteke å avvikle fellesrådet, og dele det slik:

Eldreråd:	7 medlemmer
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	5 medlemmer

Ut over dei obligatoriske organ som går fram av kommunelova er det opp til kommunestyret å bestemme kva råd og utval dei ynskjer å ha.

#### **Dei politiske utvala har hatt slik aktivitet i 2015:**

Styre/råd/utval - aktivitet i 2015	Tal møte	Tal saker	Gj.snitt tal saker per møte
Kommunestyre	11	145	13,2
Formannskap	14	146	10,4
Valstyret	5	22	4,4
Administrasjonsutvalet	4	18	4,5
ULK	6	72	12,0
UDU	8	99	12,4
Klagenemnda	2	5	2,5
Fellesrådet (fram til konstitueringa etter valet)	5	47	9,4
Eldrerådet	1	7	7,0
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	1	10	10,0
Sakkunng nemnd eigedomsskatt	2	2	1,0
Ungdomsrådet	3	18	6,0

I tal saker er det teke med alle saker som står på sakslista inklusive orienteringssaker og godkjenning av innkalling og møtebok frå sist møte.

I tal saker er det teke med alle saker som står på sakslista inklusive orienteringssaker og godkjenning av innkalling og møtebok frå sist møte. Når det gjeld møta i kontrollutvalet viser vi til eiga årsmelding for kontrollutvalet.

## 4.2 Kommune og fylkestingsvalet i 2015

I Meland kommune var det 5.643 personar som kunne røyste ved kommunestyre- og fylkestingsvalet den 14. september. Det var 3.600 som røysta, noko som gir ei valdeltaking på 63,8 %. Det var 781 som røysta på førehand og 2.819 som røysta på valdagen. Førehandsrøyste kunne ein gjere i resepsjonen. I tillegg vart det teke imot røyster på sjukeheimen og ambulerande røystemottak til heimebuande som ikkje kunne koma seg fram til røystelokale.

På valdagen vart det nytta 6 røystelokale, og opningstida var frå kl. 12:00 – 20:00. Til saman var det 40 valfunksjonærar i røystelokala. Ei endring i vallova i 2013 gjorde at listekandidatar ikkje kunne vere røystemottakarar. Foreløpig valresultat var klart ca. kl. 23:00 og endeleg valresultat var klart på føremiddagen dagen etter den 15. sept. I tillegg til Kommunestyre- og fylkestingsvalet vart det samstundes gjennomført val på medlemmer til Soknerådet.

## 5 Personaltilhøve

### 5.1 Årsverk og tilsette

Meland kommune 2015 Årsverk og tilsette	Årsverk 31.12.15	Årsverk 31.12.14	Endr. 14-15	Tilsette 31.12.15	Tilsette 31.12.14	Endr. 14-15
Adm. stab rådmann	14,2	14,3	-0,1	16	16	-
Økonomikontor	5,3	5,6	-0,3	6	6	-
Rådgjevertenesta	5,6	5,6	-	8	8	-0
PPT	2,4	2,4	-	2	2	-
Kommunal barnehagedrift	11,5	10,5	1,0	13	12	1
Vaksenoppl.	2,2	2,2	-	3	4	-1
Grasdøl skule	22,1	19,6	2,5	26	22	4
Meland Ungdomsskule	24,1	24,2	-0,1	28	29	-1
Rosslund skule	42,7	37,1	5,6	50	43	7
Sagstad skule	48,1	43,5	4,6	55	51	4
Vestbygd skule	29,3	23,4	5,9	35	28	7
Helse	31,6	30,1	1,5	41	39	2
Sosiale tenester / NAV	9,7	8,6	1,1	11	10	1
Barnevern	7,7	7,6	0,1	8	8	-
Meland sjukeheim	58,7	48,8	9,9	98	84	14
Meland heimeteneste	77,3	62,9	14,4	113	98	15
Kultur	9,1	10,0	-0,9	18	19	-1
Plan, Utbygging og komm.teknikk (PUK)	41,3	40,1	1,2	42	41	1
<b>Sum Meland kommune</b>	<b>442,8</b>	<b>396,5</b>	<b>46,3</b>	<b>573</b>	<b>520</b>	<b>53</b>

Tabellen viser tilsette og årsverk for 2014 og 2015. I tabellen er teke med alle faste tilsette og vikarar som får fast månadsløn. Det inneber at alle timeløna tilsette som t.d. støttekontaktar i pleie og omsorg ikkje er med i tale på tilsette eller årsverk.

Talet på tilsette pr 31.12.2015 er 573, ein auke på 53 frå 2014. For heimetenesta skuldast auken i hovudsak at kommunen sjølv har overteke drifta av eit tiltak som tidlegare vart kjøpt av private tenestetilbydar, for dei andre områda er det generell aktivitetsauke.

Talet på årsverk pr 31.12.2015 er 442,8, ein auke på 46,3 frå 31.12.2014.



Nærare analyse av auken i årsverk og talet på tilsette går fram av tabellen under.

Meland kommune 2015 Årsverk og tilsette	Årsverk 31.12.15	Årsverk 31.12.14	Endr. 14-15	Tilsette 31.12.15	Tilsette 31.12.14	Endr. 14-15
Fast tilsette	388,5	352,8	35,6	480	448	32
Vikarar, engasjement og mellombels tilsette.	42,1	35,7	6,4	74	59	15
Lærlingar	1,7	1,1	0,6	5	3	2
Permisjonar - lønna og ulønna	10,4	6,8	3,6	14	10	4
<b>Sum Meland kommune</b>	<b>442,8</b>	<b>396,5</b>	<b>46,3</b>	<b>573</b>	<b>520</b>	<b>53</b>

Auken i talet på faste tilsette er 32, medan talet på vikarar og andre mellombels stillingar er auka med 15 frå 59 til 74. Vi har 5 lærlingar mot 3 i 2014. Talet på tilsette som er ute i permisjonar er auka frå 10 i 2014 til 14 i 2015. Disse får vi refusjon for, og det vil vere tilsett vikarar for desse. Dei er difor rekna dobbelt i oversynet.

At talet på årsverk hjå dei faste tilsette aukar med 35,6 til 388,5 i 2015, og dermed meir enn talet på tilsette, skuldast at ein har kome eit lite stykke på veg i målet om auke stillingsstorleiken innan pleie- og omsorg.

## 5.2 Sjukefråvere

Samla sjukefråvæer i 2015 kom på 7,6%, fordelt med 8,7% for kvinner og 4,1% for menn. Dette er eit høgare fråvæer enn i 2014, då resultat låg på 6,8%. Det er ingen eintydige årsaker til auken i sjukefråværet og at måлтаlet på 7% såleis ikkje vart oppnådd.

Det er i særleg grad pleie- og omsorg som har høgt fråvæer, noko som samsvarar med nasjonal tendens. Eigenmeldt fråvæer ligg lågt, med 1%.

## 5.3 Arbeidsmiljø

Det har vore ei målsetjing å få til større grad av heilskapleg tenking og systematikk i arbeidsmiljøarbeidet, og det vart difor i 2015 for første gang laga eit årshjul som syner HMT-aktivitetane gjennom året. Dette heilskaplege perspektivet vart m.a. lagt til grunn då IA-gruppa utarbeidde og sendte inn søknaden om arbeidsmiljøprisen i Ulvik, som Meland kommune vart tildelt. IA-gruppa har også eit opplegg for ein lokal arbeidsmiljøpris, og i 2015 vart denne gitt til Sagstad skule. Utdelinga fann stad på Saman om-samlinga 18. november.

Både gjennom avviksrapportering og gjennom medarbeidarundersøkinga i 2014 kom det fram at utagerande åtferd og trugslar eit problem for fleire avdelingar. Det vart difor hausten 2015 sett i gang eit eige HMT-prosjekt med dette som tema (KUTT). Det vart utarbeidd prosjektmandat og gjennomført kartlegging for dei involverte arbeidsplassane (Barnevern, psykisk helse- og rusteneste, NAV og resespsjonen på rådhuset). Det er ei målsetjing å utvide prosjektet til også å omfatte skule og heimetenesta.

## 5.4 Personalarbeid og organisasjonsutvikling

Det har ikkje vore gjort vesentlege endringar i organisasjonsstrukturen i 2015. Kommunen har såleis stadig 13 tenestoområde og 4 stabar.

Personalarbeid foregår i hovudsak i linja, der tenestoområdeleiarane har fått tildel oppgåver og fullmakter gjennom subdelegeringsreglementet. Grunnlaget for alt personalarbeid i Meland kommune ligg i den vedtekne arbeidsgjevarstrategien «Skodd for framtida».

Det vart i 2+16 gjennomført ein 2 dagers leiar-samling med endringsleiing som tema. Det vart her nytta ekstern kurshaldar, finansiert via OU-midlar. Det vart i også gjennomført 2 samlingar for nyttilsette, der m.a. verdigrunnlag, målsetjingar og etisk ståstad var viktige tema.

Det vart i 2015 innført ei rekkje lovendringar, t.d. i arbeidsmiljølova, og HR-gruppa har lagt stor vekt på å vere oppdatert på desse endringane.

Det vart som alltid gjennomført interkommunal seniorsamling i januar 2015, der framhald av yrkesaktivitet er det berande elementet. Desse samlingane vert gjennomførte med støtte frå pensjonsleverandør, og kurs-evalueringane er svært gode.

Meland kommune har over mange år hatt god erfaring med 3-partsamarbeidet som arbeidsform. Dette har særleg vore viktig i arbeidet med Saman om-programmet og det vart bestemt at dei tillitsvalde skulle bli inviterte til å delta ved folkevaldopplæringa etter konstituering av nytt kommunestyre (opplæringa vart først gjennomført på nyåret 2016).

## 5.5 Likestilling

80% av arbeidsstokken i Meland er kvinner og 20% er menn. Kvinner arbeider i større grad enn menn i reduserte stillingar, slik at om vi reknar årsverk så er 78% av årsverka arbeidd av kvinner og 22% av menn. Sjå tabellen nedanfor for detaljar. Gjennomsnittleg årsverksstørrelse pr 31.12.2015 for menn er 85%, ned frå 86,3% pr 31.12.2014. Tilsvarende tal for kvinner er 75,3% pr 31.12.2015, ei auke på 1,6% frå 2014. Totalt er gjennomsnittleg årsverksstørrelse på 77,3% per 31.12.2015.

	Årsverk 31.12.15	Årsverk 31.12.14	Endring 14-15	Tilsette 31.12.15	Tilsette 31.12.14	Endring 14-15	Gj.sn. årsv. størr. 31.12.15	Gj.sn. årsv. størr. 31.12.14	Gj.sn. årsv. størr. 31.12.13
<b>Kjønnsfordeling og årsverk 2015</b>									
Menn	97,8	91,5	6,3	115	106	9,0	85,0 %	86,3 %	81,9 %
Kvinner	344,9	304,9	40,0	458	414	44,0	75,3 %	73,7 %	73,4 %
<b>Sum Meland kommune</b>	<b>442,7</b>	<b>396,5</b>	<b>46,3</b>	<b>573</b>	<b>520</b>	<b>53,0</b>	<b>77,3 %</b>	<b>76,2 %</b>	<b>75,1 %</b>
Andel menn	22 %	23 %	-1 %	20 %	20 %	0 %			
Andell kvinner	78 %	77 %	1 %	80 %	80 %	0 %			

Det er bra balanse mellom kvinnelege og mannlege leiarar i rådmannen i leiargruppe / tenestoområdeleiarar (8 kvinner og 5 menn)

Det vart i 2015 for første gong utarbeidd ein eigen plan for likestilling, inkludering og mangfald. Planen tar utgangspunkt i dei krava som er sett i dei ulike lovene innan desse områda, og det også laga ein eigen tiltaksplan. I overordna mål for planen heiter det at:

«Meland kommune skal vere ein arbeidsplass der medarbeidarane vert verdsett for sin kompetanse og sine ressursar, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, etnisitet og seksuell legning»

Deltidsproblematikk har ein klar likestillingsdimensjon. I Meland kommunen har vi innslag både av frivillig og ufrivillig deltid. Det har vore arbeidd aktivt for å redusere omfanget av den ufrivillige deltida, og det vart m.a. sett i gong eit forsøksprosjekt med årsturnus på Meland sjukeheim.

## **6 Andre tilhøve**

### **6.1 Internkontroll**

Internkontrollsystemet for HMT-området er framleis eit manuelt system. Alle tenestemåra har handbok og arbeidsperm, og dokumenta ligg også på Felleskatalogen. Avviksskjema og varslingskjema ligg på intranettet. Det kom inn 44 avviksrapportar i 2015. Alle HMT-avvik vert melde til AMU, og rådmannen og HVO har gått gjennom alle avviksrapportane for 2015. Det var gjort 2 revisjonar i handbok/arbeidsperm.

Arbeidet med overgang til elektronisk avviksbehandling gjennom KF- Kvalitet har hatt liten framgang i 2015. Dette skuldast både datatekniske problem og kapasitetsproblem i høve klargjering i Visma. Det er imidlertid utarbeidd ein rekkje prosedyrar innan kvalitetsprogrammet, og desse er lagt ut med link på intranettet. Dette gjeld både HMT-området og ulike tenesteprosedyrar.

### **6.2 Beredskap**

Etter stormen Nina i januar 2015 vart det halde oppsummeringsmøte i KKL (kommunal kriseleiing), og fleire lokale beredskapsplanar vart oppdaterte i etterkant av dette. Kommunestyret gjorde i juni 2015 vedtak om å gå til innkjøp av naudstrømsaggregat til Meland sjukeheim, og det vart også effektivt innkjøp av aggregat til drift av Meland vassverk (dette låg inne i planverket frå før). Det vart inngått formell samarbeidsavtale med Røde Kors.

Fylkesmannen gjennomførte 2 øvingar av typen Øving Lyneld i 2015. Meland kommune responderte innan frist for begge øvingane. Øving Hordaland vart gjennomført 28. oktober. Tema ved denne øvinga var atomberedskap, der scenario var knytta til uhell med ein reaktordrive ubåt ved Håkonsvern Orlogsstasjon. Meland kommune hadde i forkant av øvinga laga eigen atomberedskapsplan. Øvinga vart oppsummert som svært nyttig.

Det vart i 2015 arbeidd med revisjon av kriseplan for grunnskulen og kommunal barnehage. Planen vert venteleg ferdig i 2016.

### 6.3 Interkommunalt samarbeid

Meland kommune er med i ei rekke interkommunale samarbeidstiltak, dei fleste med nabokommunane i Nordhordland. Dei viktigaste er lista opp i tabellen under.

**Meland kommune sin del av kostnader i interkommunale tiltak**

Tal i 1 000 kr

Namn:	Verts-kommune	Samarb.-form	2015	2014
Driftsassistansen i Hordaland - vann og avløp (DIHVA)	-	IKS	41	34
Interkommunal Innkjøpsordning	Bergen	avtale	91	87
Interkommunalt arkiv i Hordaland	-	IKS	269	257
Krisesenteret for Bergen og Omegn	Bergen	avtale	305	279
Lindås og Meland Brannvern	Lindås	KL § 28 b	5 764	5 199
Lindås og Meland Brannvern - Feietenesta	Lindås	KL § 28 b	935	840
Nordh. Gulen Interk. Branntilsyn (NGIB)	Lindås	KL § 28 b	628	548
Nordhordl. Gulen Interk. Renh.v. (NGIR)	-	IKS	803	799
Nordhordland digital (ND)	Radøy	KL § 27	148	146
Nordhordland IKT - drift	Osterøy	KL § 28 b	4 508	3 697
Nordhordland IKT - ført i investeringsrekneskapen	Osterøy	KL § 28 b	-	570
Nordhordland interk. legevaktssentral /ØH-D senger	Lindås	KL § 28 b	3 390	3 370
Nordhordland interkommunale legevakt døgntilbod	Lindås	KL § 28 b	706	684
Nordhordland Kemnerkontor	Lindås	KL § 28 b	914	1 134
Nordhordland Kursregion	Lindås	Organ	92	65
Nordhordland Revisjon IKS	-	IKS	862	837
Regionrådet for Nordhordland	-	avtale	945	842
Teknisk hygienisk ingeniør	Lindås	avtale	187	184
Ungdomskontakten Salto	Lindås	avtale	200	194
<b>Sum kostnad interkommunalt samarbeid</b>			<b>20 790</b>	<b>19 901</b>

Dei fleste av desse er Vertskommunesamarbeid etter Kommunelovens § 27 eller § 28, medan nokre er IKS - Interkommunale Selskap - etter eigen særlov. Det er også nokre avtalebaserte samarbeid som ikkje er direkte relatert til vilkår i kommunelova. Eit IKS legg fram sjølvstendige rekneskap som ikkje inngår i kommunen sitt drifts- og investeringsrekneskap. Dei andre samarbeidstiltaka vil inngå i vertskommunen sitt rekneskap.

### 6.4 Meland kyrkje

Kyrkjelyden har til saman 8 tilsette. Av desse er 1,5 løna av bispedømmet. 5,1 årsverk er løna av soknet, ein del av innsamla midlar, noko er statlege trusopplæringsmidlar, men mesteparten er kommunalt tilskot, som i 2015 var på totalt kr 3.3 mill. I tillegg til tilskotet yter kommunen diverse administrative tenester (ikkje kostnadsrekna), samt at kyrkjegardsdrifta er ein del av kommunerekneskapen, bokført med kr 777.000,- i 2015.

Planlegginga av ny kyrkje på Frekhaug, som eit kombinasjonsbygg med kulturhus, har stått delvis på vent hausten 2015 fordi tomta ikkje har vorte kjøpt enno. Det var difor viktig for kyrkja når tomtekjøp vart inkludert i kommunen sitt budsjettet for 2016 i budsjettvedtaket i desember 2015.

Investeringsmidlar for 2016 til nødvendig restaurering av orgelet i Meland kyrkje var også positivt. Kyrkja opplever at ordninga med tenesteytingar har fungert svært godt også i 2015, det same gjeld samarbeidet i kyrkjegardsdrifta. Vår oppfatning er at publikum er godt nøgd med vedlikehaldet og drifta på kyrkjegarden. Samarbeidsklima er i det heile godt mellom kyrkje og kommune i Meland.

## 6.5 Kommunestruktur

Hausten 2014 vart alle kommunar i landet inviterte til å gå i gang med nabopratt og utgreiingar med sikte på å lage nye større kommunar. Dei nye kommunane skulle kunne få nye oppgåver og større lokal fridom.

I løpet av 2015 vart det brukt mykje tid på drøftingar kring kommunestruktur og ulike utgreiingar med nabokommunar. Vi starta våren 2015 med tre løp, eit mot Bergen, eit mot Lindås og Radøy og eit for heile Nordhordland inklusive Solund. I juni 2015 vedtok kommunestyret at vi skulle avslutta utgreingasabeide med Bergen og med det store Nordhordlandsalternativet. Vi held fram forhandlingane med Lindås og Radøy.

Måla med kommunereforma er streke og livskraftige kommunar som kan gi gode og likeverdige tenester, heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, berekraftige og økonomisk solide kommunar og styrka lokaldemokrati.

## 7 Kommenterar til drift/resultat for tenesteområda i 2014 og utsiktene framover

### 7.1 Adm. stab rådmann

#### Arbeidsområde

- Overordna arkivteneste og dokumentcenter/postmottak
- Sekretærfunksjon for alle politiske utval, med unntak av Utval for drift og utvikling og Ungdomsrådet
- Resepsjonen på rådhuset
- HR-funksjonen
- Overordna HMT-arbeid, med m.a. systemansvar for HMT-avviksbehandling, oppfølging av IA-avtalen og samhandling med bedriftshelsetenesta
- Informasjonsarbeid inkl. drift og utvikling av kommunen si heimeside, intranett og Facebook
- Ansvar for avvikling av val i dei aktuelle valåra
- Salsløyve for alkohol, samt skjenke- og serveringssaker.

## **Drift i 2015**

<b>Nøkkeltal frå drifta</b>	Personalressursar		Gj.snitt	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette	still.%	Budsjett	Rekneskap	Avvik	Forbruk i %
2015	14,3	16	85,92 %	16 249 700	16 386 288	-136 588	100,84 %
2014	14,3	16	85,92 %	14 824 000	14 602 000	222 000	98,50 %
Endr. i året	0	0	0 %				

### **Merknad:**

Både i årsverk og tal tilsette inngår hovudtillitsvalde som er frikjøpte i samsvar med Hovudavtalen og folkevalde som er lønna (1,2 årsverk). Området har også ein tilsett på VTO-ordning (Varig tilrettelagt i ordinær verksemd). Reelt sett er det 11,7 årsverk og 13 tilsette ved området.

### **Kvalitetsarbeid**

Det pågår eit løpande arbeid med å sikre god kvalitet i dokumenthandteringa.

For informasjonsfeltet vert det jobba med utgangspunkt i vedteken informasjonsplan.

HR-funksjonen arbeider med utgangspunkt i den vedtekne arbeidsgjevarstrategien «*Skodd for framtida*». Dette inneber m.a. fokus på rekruttering, leiaropplæring, utvikling av eit godt arbeidsmiljø, redusert sjukefråvær m.m. Det har i 2015 m.a. vore vektlagt å få til eit betre system for samtidig grunngeving i tilsetjingssaker, noko vi m.a. har registrert at Sivilombodsmannen er oppteken av. Det vart i 2015 laga plan for likestilling, inkludering og mangfald i Meland kommune. Det nasjonale utviklingsprogrammet *Saman om ein betre kommune* vart avslutta i 2015, med felles 3-partssamling (mellom politisk og administrativt nivå i kommunen, samt arbeidstakar-organisasjonane) den 18. november 2015.

Det vart hausten 2015 gjennomført el-tilsyn i regi av BKK Elsikkerhet AS.

### **Brukarar**

Det vart gjennomført brukarundersøking i resepsjonen i november 2015. Svara synte at publikum var svært godt nøgde med måten dei vart møtt på og med den hjelpa dei fekk. Lite ventetid, både ved skranke og i telefonen.

## Mål og måloppnåing

Mål:	Status/måloppnåing
Budsjettbalanse	Noko overforbruk pga. tilhøve som ligg utanfor området sin kontroll.
Redusert sjukefråvær ved avdelinga	Etter eit høgt sjukefråvær for adm. stab i 2014, er situasjonen tilbake på normalnivå, med eit sjukefråvær på 1,9% i 2015.
God service overfor politiske organ, m.a. med innføring av politikarportal.	Innføringa vart utsett til nyåret 2016.
HR: Meland kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar og også ein nyskapande og utviklingsorientert organisasjon	Kommentert under punktet utviklingsoppgåver.
Arkivtenesta skal vere ordna og innretta slik at dokumenta er trygge som informasjonskjelder for samtid og ettertid.	Meiner at måloppnåinga er tilfredsstillande på dette punktet
Dokumentsenter: Forsvarleg arkivering av alle inngåande- og utgåande dokument i tråd med regelverk for fullelektronisk arkiv.	Overgang til fullelektronisk arkiv har vore utfordrande, men måloppnåinga er no tilfredsstillande på dette punktet.
Informasjon: Følgje opp mål og delmål i vedteken informasjonsplan. Det vert også vist til kommunelova § 5.	Det har ikkje vore budsjettmessig mogleg å setje av eigen stillingsressurs til informasjonsarbeid, men måloppnåinga må seiast å vere tilfredsstillande innan dei rammer som er gitt for arbeidet
Resepsjonen: Målet er ei teneste der innbyggjarane kjenner seg velkomne på rådhuset og vert ivaretatt med god informasjon og rettleiing om kommunale tenester	Tilfredsstillandande måloppnåing, jf. brukarundersøking.

## Utviklingsoppgåver

*Tiltaka i opplistinga nedanfor gjeld heile kommunen, men igangsetjing og oppfølging er adm. stab sitt ansvar.*

Tiltak:	Status:
Innføring av KF Kvalitet	Programmet er ikkje fullt ut implementert. Rutinar og prosedyrar er publiserte med direktelink frå intranettet, mens den elektroniske avviksmodulen ikkje er innført, noko som dels har bakgrunn i datatekniske problemstillingar.
Arbeidsmiljøarbeid	Kommunen mottok arbeidsmiljøprisen i Ulvik i oktober 2015.
Utarbeiding av tenestestandardar	Arbeidet vart starta opp i nov/desember 2015 og pågår utover i 2016.
Kompetanseutviklingsplan	Ny utgåve av strategisk del skal utarbeidast i 2016. Det vart i 2015 laga tiltaksplanar med utgangspunkt i den gamle planen.
Nytt HMT-prosjekt: Kutt (fokus på utagerande åtfærd og trugslar )	Igangsett hausten 2015.
Kvalitet i saksbehandlinga	Gjennomført to kurs i 2015, eitt med ekstern kurshaldar og eit internt kurs.

## 7.2 Økonomikontoret

Økonomikontoret har ansvar for rekneskapsføring og rapportering, scanning av inngående faktura, koordinering av budsjett- og økonomiplan-arbeidet, lønn, sjukepengerefusjon, momsrapportering, rutinar for økonomisk internkontroll, bank og finans, låneadministrasjon, innkjøpsrutinar og oppfølging av innkjøpsavtalar (ikkje på større prosjekt og investeringar), eigedomskatt, deler av faktureringsarbeidet, purring/inkasso, samt oppfølging av IKT-drifta som er satt ut til IKTNH.

Kontoret har ved utgangen av 2015 5,3 årsverk. Arbeidsoppgåvene er omfattande , og det har vore arbeidd mykje overtid i 2015 for å klare å gjennomføre oppgåvene som er lagt til kontoret. I budsjettet for 2016 er det lagt inn auke med ein stilling ved kontoret.

## 7.3 Interkommunale samarbeid

### 7.3.1 IKT og telefoni

Meland kommune har ikkje egne driftsressursar til IKT eller telefoni, all drift er satt ut til IKTNH. Økonomikontoret er ansvarleg for oppfølginga av avtalen og tenester levert av IKTNH, samt investeringsprosjekt innan IKT. Drift av IKT-system ligg til systemleverandørane. Det er superbrukarar på dei ulike fagsystema som har ansvar for oppfølging mot desse leverandørane, evt. med bistad frå IKTNH. Superbrukarar er fagpersonar rundt i organisasjonen som er brukarar av dei ulike system.

#### Om IKTNH

Alle IKT-driftstenester i Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal er overførte til IKTNH. IKTNH sine oppgåver og plikter vert regulerte gjennom ein tenesteleveringsavtale ( TLA ) og ein datahandsamaravtale med kommunane. IKTNH er serviceleverandør av teknologiske tenester samstundes som IKTNH skal muliggjøre digital vidareutvikling innanfor dei ulike tenesteområda.

#### Sum Kostnadar IKT-samarbeidet i Nordhordland

Totalt er kostnaden til drift av IKTNH for 2015 kr 29 mill, fordelt med kr 4,56 mill til Meland kommune slik:

Tall i mill kr	Total	Meland
Drift IKT NH og drift datasenter:	18,77	2,82
Programvarelisenser på fellessystemer	6,98	1,05
Diverse utstyr m.m. på vegne av kommunane	3,26	0,69
<b>Sum kostn. IKT NH 2015</b>	<b>29,01</b>	<b>4,56</b>
Av dette kan følgjande først i invest. rekneskapen:	3,94	0,38

### 7.3.2 Brannvern

Består av Lindås og Meland brann og redning (LMBR) og Nordhordland og Gulen Interkommunale Branntilsyn (NGIB). Meland kommune sin del av kostnaden til LMBR i 2015 er kr 5,8 mill, medan kostnaden til NGIB i 2015 har vore vel kr 0,6 mill.



## 7.4 Rådgjevartenesta og PPT-kontoret

### Rådgjevartenesta

Er ei sektorovergripande gruppe direkte underlagt rådmannen med fagkompetanse innan skule, barnehage, samfunnsplanlegging, helse, sosial samt pleie og omsorg. Rådgjevarane utfører oppgåver innan ulike typar forvaltning, samt vore medaktørar og medspelarar i prosessar kring kontinuerleg arbeid med utvikling, fornying og omstilling. Dette gjeld mellom anna:

- prosess kostnadseffektiv organisering, forvaltning og tenesteutvikling.
- ulike overordna planprosessar
- saksutgreiing til politisk mynde

### Meland PPT

I 2015 har PPT-kontoret hatt 2,4 årsverk, det same som i 2014. Grunna auke i saksmengde er ventetid lengre enn i 2014. Enkelte brukarar har venta opp mot eitt år. Ved utgangen av 2015 er det 4 saker på venteliste og 259 aktive saker. Å oppretthalde kort ventetid for nyttilviste barn og unge har hatt høg prioritet. PPT har i tråd med nasjonale føringar arbeid mot å dreie verksemda meir mot systemretta arbeid.

Utsikter for framtidig tenesteyting:

PPT-kontoret meiner kontoret har svært låg bemanning i forhold til kommunestorleik og dei oppgåvene som skal gjennomførast. Auke i systemretta arbeid vil og ha konsekvensar for tilgjengelig tid til å følgje opp einskildsaker.

## 7.5 Barnehagesektoren

### 7.5.1 Kommunal barnehagedrift

#### Arbeidsområder

- Tilby eit kommunalt barnehagetilbod av høg kvalitet.
- Drive endrings- og utviklingsarbeide, for å sikre et oppdatert og kompetent personale
- Tilby spesialpedagogisk hjelp til barn med særskilde behov i alle barnehagar i Meland kommune.

#### Drift i 2015

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette	still. %	Budsjett	Rekneskap	Avvik	Forbruk i %
2015	11,5	14	82,14 %	5 441 000	5 235 000	206 000	96,21 %
2014	10,5	13	80,77 %	5 848 000	6 111 000	-263 000	104,50 %
Endr. i året	1,00	1,00	1,37 %				

#### Fagleg kvalitet / kvalitetsarbeid/tilsyn

I Marihøna barnehage vert det aktivt jobba med ulike utviklingsarbeid. I 2015 har fokus vore på «aktive vaksne i barnas leik» og auka kvalitet og pedagogisk innhald på turane våre. Vi jobbar med lærande møte, med fokus på refleksjon rundt eigen praksis for å betre kvalitet i heile organisasjonen. Dei pedagogiske leiarane i Marihøna barnehage har i 2015 gjennomført eit kursprogram innanfor endringsleiing. Dette har bidrege til økt fokus på kvalitet i barnehagen, samt refleksjon og endringsvilje i personalgruppa.

I 2015 gjennomgikk også heile personalgruppe brannkurs og vi arrangera ei stor brannøving med barna i november. Lindås og Meland brann og redning gjennomførte full utrykning og barna fikk studere brannbilen og prøve seg med brannslanga.

Det er høgt fokus på språkarbeid i Marihøna barnehage. I løpet av hausten 2015 fikk vi fleire nye fleispråklege barn i gruppa vår. Alle får tilbod om språkgrupper ein gong i veka, i tillegg til at det er høgt fokus på språkarbeid med alle barna. Vi fokuserer på at språk er ei av dei viktigaste basiskompetansane som bør vera på plass før skulestart. I august 2015 vart det tilsett ein ny pedagog i 100% stilling. Dette for å optimalisere drifta i barnehagen med onsyn til forventa auke i barnetal.

### **Brukarar**

Per desember 2015 hadde Marihøna barnehage 23 barn mellom 3-6 år og 12 barn mellom 1-3. Hausten 2015 vart det gjennomført ei felles brukarundersøking for alle barnehagane i Meland kommune. Denne undersøkinga viste svært gode resultat for Marihøna barnehage. Mellom anna skåra Marihøna heile 5,4 av 6 poeng, både på spørsmål om aktivitetsinnhaldet i barnehagen og på barnehagens tilrettelegging for barns læring. Barnehagen vekk dårlegast skår når det gjeld mattilbodet. Vi arbeidar aktivt med å auke kvaliteten på dette.

## **7.5.2 Private barnehagar**



Vennskapshjarte laga i samband med den årlege markeringa på Rådhuset av "Manifest mot mobbing" (foto: Mette M. Træland)

### **Arbeidsområde:**

- Godkjenning, tilsyn og rettleiing av barnehagesektoren.
- Søknad og opptak
- Fagleg utvikling av sektoren
- Sakshandsaming for politiske saker og forvaltningsteneste
- Styrka tilbod/ spesialpedagogiske vedtak
- Informasjonsteneste om barnehagane til innbyggjarane
- Sakshandsaming redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid

## Drift i 2015

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette	still. %	Budsjett	Rekneskap	Avvik	Forbruk i %
2015	154	163	94,48 %	74 994 540	74 212 886	781 654	98,96 %
2014	149	171	87,13 %	72 566 000	76 690 000	-4 124 000	105,68 %
Endr. i året	5	-8	7,34 %				

Av det totale forbruket i 2015 var 69,1 mill. drifts- og kapitaltilskot til private barnehagar, inkludert eit ekstraordinært tilskot på 5,0 mill. gjeve som følgje av at basissatsane per born vart monaleg redusert frå 2014 til 2015.

Per desember 2015 gjekk det i Meland kommune totalt 603 born i dei åtte private og den eine kommunal barnehagen. Kommunen har god barnehagedekning med om lag 90 % av førskuleborna som går i barnehage, og alle som søkte fekk plass. Hausten 2015 var det 27 born frå Meland som hadde barnehageplass i andre kommunar. På same tid gjekk 23 born frå andre kommunar i barnehagar i Meland.

### Barnehagefakta.no

Kommunesidene på Barnehagefakta.no er ein enkel måte å gje innbyggjarane ei oversikt over barnehagetilbodet i eigen kommune på, både med eit godt kart og med nøkkelinformasjon om kvar enkelt barnehage. Sjå: <http://barnehagefakta.no/kommune/1256/meland>

### Fagleg kvalitet / kvalitetsarbeid/tilsyn

Mål	Måloppnåing
Tilsyn i alle barnehagane innan 2015	Alle barnehagane har hatt tilsyn i planperiodenperioden.
Basisteam i barnehagane	Alle barnehagane har hatt 2 basisteam i 2015 som planlagt
Kurs og opplæring etter sentrale føringar.	Kompetanseplan for alle barnehagane har vore fulgt.
Samarbeid med andre instansar	Lokalt har PPT og barnehagesektoren starta systemarbeid med tverrfagleg prosjekt "tidleg satsing på dei minste".3 årig prosjekt.

Tiltak	Status
Leiarsamling for alle styrarane i barnehagen	8 samlingar
Regelsamling for barnehagesektoren	2 samlingar
Dialogmøte med barnehagane	2 samlingar

Fylkesmannen opna i november 2015 tilsyn med Meland kommune som barnehagemynde. Det vart avdekka eit lovbrøt i høve tilsynsrapportane og dette er retta opp. Elles fekk vi god tilbakemelding på det lovpålagde arbeidet som barnehagemynde.

### Brukarundersøkinga 2015.

Våren 2015 gjennomførte alle barnehagane i kommunen «Betre kommune» si foreldreundersøking. Totalt sett kom barnehagane ut med gode resultat. Samla fekk alle barnehagane i Meland kommune ein skår på 5,2 som svarer til gjennomsnitt for heile landet. Resultatet viser at foreldrene er godt

fornøyd med barnehagetilbudet i kommunen. Barnehagane ligg alle over eller på nasjonalt nivå på alle delspørsmål, med unntak av «barn sin sosiale utvikling» der ein ligg under nasjonalt nivå. Kvar barnehage har hatt gjennomgang med presentasjon for si barnehage, og prosessveiledning av kommunen i høve til sine resultat, og områder for forbetring vidare.

### **Utfordringar for barnehagesektoren vidare framover**

Å forvalte den økonomiske tilskotsordninga med satsane for drifts og kapitaltilskot, prioritering av kvalitetsarbeid og og tid til sakshandsaming, særskilt i høve til den nye ordninga med redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid.

- Det er oppretta ei nasjonal ordning for redusert foreldrebetaling. Frå 1. mai 2015 skal ingen hushald skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass.
- Frå 1. august 2015 har alle 4- og 5-åringar og barn med utsett skulestart, rett til 20 timar gratis opphaldstid i barnehagen kvar veke. Ordninga gjeld for foreldre som har ei samla årsinntekt under 405.000 kroner. Ordninga er søknadsbasert.
- Meland kommune mottok i 2015 50 søknader om redusert foreldrebetaling / gratis kjernetid. Vedtaka utgjorde samla kr 392.000,-. Det har gått mykje tid til sakshandsaming og rettleiing av barnehagar og foreldre i samband med desse nye ordningane.

### **Lærlingar på barne og ungdomsarbeidarfaget.**


Meland kommune har i 2015 hatt to lærlingar i barne og ungdomsarbeidarfaget. Ein av desse besto fagprøven og vart Barne- og ungdomsarbeidar i mai 2015. Målet er å få fleire fagarbeidarar og gjennom det sikra kvaliteten i barnehage og skule.

## **7.6 Grunnskulen i Meland**

### **7.6.1 Diverse overordna forhold**

Alle born i aldersgruppa 6-15 år har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Opplæringa skal vera i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og læreplan (Kunnskapsløftet). Prinsippet om tilpassa opplæring er ein av grunnpilarane i norsk skule. Det er viktig at opplæringa generelt vert tilpassa slik at elevane får eit godt utbytte, ikkje berre knytt til dei mål som læreplanen gjev, men og knytt til elevane sine individuelle og ulike føresetnader.

Tal på elevar (kjelde: Udir og Visma Flyt)	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016
<b>Talet på elevar samla</b>	<b>1 035</b>	<b>1 034</b>	<b>1 072</b>	<b>1 133</b>	<b>1 159</b>
Grasdalen skule	99	102	100	116	131
Sagstad skule	327	324	337	360	378
Vestbygd skule	164	178	175	180	196
Rossland skule	278	265	245	237	231
Meland ungdomsskule	167	165	156	154	140
Private skular	-	-	59	86	83



Det har vore ein auke på 29 elevar i kommunal skule frå skuleåret 2014-2015 til 2015-2016. Sagstad, Grasdalen og Vestbygd skule har hatt ein auke i elevtalet, medan Rosslund skule og Meland Ungdomsskule har hatt ein nedgang.

Undervisningspersonell, Offentlig, Alle trinn, (Kjelde: Udir)	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016
<b>Meland kommune - Antall elevar per årsverk til undervisning</b>	<b>11,6</b>	<b>11,6</b>	<b>11,9</b>	<b>12,1</b>	<b>11,8</b>
Hordaland fylke - Antall elevar per årsverk til undervisning	12,4	12,5	12,5	12,6	12,5
Nasjonalt - Antall elevar per årsverk til undervisning	12,3	12,3	12,3	12,3	12,3
<b>Meland kommune - Antall elevar per assistentårsverk i undv.</b>	<b>56,9</b>	<b>52,8</b>	<b>69,8</b>	<b>61,3</b>	<b>51,7</b>
Hordaland fylke - Antall elevar per assistentårsverk i undv.	71	77,2	77,3	80,7	78,8
Nasjonalt - Antall elevar per assistentårsverk i undv.	72,6	75,9	75,2	76,4	75,1
<b>Meland kommune - Lærartetthet 1.-7. trinn</b>	<b>12,4</b>	<b>12,2</b>	<b>12,8</b>	<b>13,2</b>	<b>12,5</b>
<b>Vestbygd skule</b>	<b>11,6</b>	<b>12,5</b>	<b>13,6</b>	<b>13,2</b>	<b>12,7</b>
<b>Sagstad skule</b>	<b>13,2</b>	<b>12,9</b>	<b>14,2</b>	<b>14,7</b>	<b>13,6</b>
<b>Grasdalen skule</b>	<b>11</b>	<b>10,2</b>	<b>10</b>	<b>11,2</b>	<b>11,5</b>
<b>Rosslund skule</b>	<b>13</b>	<b>11,9</b>	<b>11,3</b>	<b>11,7</b>	<b>10,3</b>
Hordaland fylke - Lærartetthet 1.-7. trinn	13,4	13,4	13,4	13,5	13,4
Nasjonalt - Lærartetthet 1.-7. trinn	13	13,1	13,3	13,4	13,4
<b>Meland kommune - Lærartetthet 8.-10. trinn</b>	<b>13,5</b>	<b>13,6</b>	<b>13,6</b>	<b>13,1</b>	<b>13,4</b>
<b>Meland ungdomsskule</b>	<b>13,2</b>	<b>13,2</b>	<b>12,9</b>	<b>12,8</b>	<b>13,4</b>
<b>Rosslund skule</b>	<b>13,7</b>	<b>14,3</b>	<b>14,6</b>	<b>13,4</b>	<b>13,5</b>
Hordaland fylke - Lærartetthet 8.-10. trinn	14,6	14,7	14,7	14,7	14,9
Nasjonalt - Lærartetthet 8.-10. trinn	14,5	14,6	14,3	14,3	14,2
<b>Meland kommune - Lærartetthet i ordinær undervisning</b>	<b>15,3</b>	<b>15,3</b>	<b>15,7</b>	<b>15,8</b>	<b>15,7</b>
Hordaland fylke - Lærartetthet i ordinær undervisning	17	17,1	17,1	17,1	17
Nasjonalt - Lærartetthet i ordinær undervisning	17	17	17	17	16,9
<b>Meland kommune: Andel årstimer til undv. gitt av undervisningspersonale med godkjent utd.</b>	<b>99,3</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>99,9</b>
Hordaland fylke: Andel årstimer til undv. gitt av undervisningspersonale med godkjent utd.	98,4	98,8	99,1	98,9	98,8
Nasjonalt: Andel årstimer til undv. gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	96,6	96,6	97	97	96,4
<b>Meland kommune - Undervisningstimer totalt per elev</b>	<b>61</b>	<b>62</b>	<b>60</b>	<b>59</b>	<b>61</b>
Hordaland fylke - Undervisningstimer totalt per elev	57	57	57	57	57
Nasjonalt - Undervisningstimer totalt per elev	58	58	58	58	58

Tabellen over syner årsverk for undervisningspersonale og assistentar, tal på elevar per assistent- og lærarårsverk, lærartetthet og undervisningstimar. Samla sett brukar skolane i Meland meir ressursar per elev samanlikna med fylket og landet. Når det gjeld lærartetthet for 1.-7. trinn har Sagstad skule

ein lærartetthet på 13,6 og Rossland skule 10,3. Årsak er gjerne knytt til språkdeling (som gjev mindre fleksibilitet) og spesialundervisning. Ressursfordelingsmodell som er utarbeid for skulane er eit tiltak for å utjamne ulikskapar mellom skulane.

### **Skulefritidstilbod (SFO)**

Skulefritidsordninga skal gje elevane i 1. – 4. trinn eit trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Born med særlege behov kan delta i ordninga til og med 7. trinn. Tilbodet følgjer ordinær skulerute.

### **Kompetanse**

I 2015-16 er det frå alle skulane til saman 11 lærarar på vidareutdanning med faga matematikk, rekning, leseopplæring, spesialpedagogikk, engelsk og spansk. Seks av lærarane har valt stipendordning og fem har valt vikarordning. Ungdomsskulane har som ein del av prosjektet [«Ungdomstrinn i utvikling»](#) hatt fagleg rettleiing/kompetanseheving frå NLA Lærarhøgskulen. Det er etablert eit lærande nettverk mellom ungdomsskulane i regionen.

### **Skuleeigarskap og tilstandsrapport**

Som ein del av skuleeigar sitt oppfølgingsansvar skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa (opplæringslova §13-10). Tilstandsrapporten skal syne lokale mål, resultat og vegen vidare på sentrale område innanfor utvikling av kvalitet i grunnskulen i Meland. Tilstandsrapporten for 2015-16 vil bli lagt fram for drøfting i Utval for levekår og Kommunestyret hausten 2016. Tabellane under viser utvalde resultat som kan gje nokre indikatorar på elevane sitt læringsutbytte samla for kommunen.

### **Internkontroll**

Kommunen har laga eige system for internkontroll felles for alle grunnskulane. Som skuleeigar er kommunen iht. Opplæringslova § 13-10 pålagt å ha eit system for å vurdere om krava i regelverket vert følgt og å følgje opp eventuelle avvik. Dokumentet er gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

### **Læringsresultat**

Grunnskolepoeng er gjennomsnitt frå alle avsluttande karakterar som vert ført på vitnemålet. Tabellen under viser gjennomsnittleg grunnskolepoeng samla for kommunen, begge ungdomsskulane, nasjonalt, fylket og utvalde kommunar i regionen.

<b>Grunnskolepoeng, gjennomsnitt (Udir)</b>	<b>2010 - 2011</b>	<b>2011 - 2012</b>	<b>2012 - 2013</b>	<b>2013 - 2014</b>	<b>2014 - 2015</b>
<b>Meland kommune</b>	<b>42,4</b>	<b>41,3</b>	<b>42,8</b>	<b>43,4</b>	<b>40,9</b>
<i>Meland ungdomsskule</i>	<i>41,6</i>	<i>41,7</i>	<i>44,3</i>	<i>44,5</i>	<i>40,9</i>
<i>Rossland skule</i>	<i>43</i>	<i>40,8</i>	<i>41,2</i>	<i>42,2</i>	<i>41</i>
<i>Hordaland fylke</i>	<i>40,2</i>	<i>40,5</i>	<i>40,2</i>	<i>40,7</i>	<i>41,3</i>
<i>Nasjonalt - Grunnskolepoeng</i>	<i>39,8</i>	<i>39,9</i>	<i>40</i>	<i>40,3</i>	<i>40,7</i>
Austrheim kommune	36,1	40,7	39	40	38,7
Lindås kommune	39,8	40,6	38,6	41,3	41,4
Masfjorden kommune	45,1	40,6	44,7	44,5	46,2
Radøy kommune	40,5	39,4	39,9	40	40,9

Frå og med skuleåret 2014-2015 inngår standpunktarakteren i valfag i utrekninga av grunnskolepoeng. Meland kommune har jamt over dei siste åra lagt over nivå for fylket og nasjonalt

nivå. Begge ungdomsskulane hadde resultat over snittet for nasjonalt nivå skuleåret 2014-15, og Rossland skule over snitt for fylket.

Nasjonale prøver i lesing og i rekning skal kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og rekning, slik dei er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i læreplanen Kunnskapsløftet (LK06). Frå og med 2014 blir resultatane frå nasjonale prøvar presentert på ein ny skala. Den nye skalaen har 50 skalapoeng som gjennomsnitt.

Nasjonale prøver 5. trinn	2014-2015	2015-2016	Gj. snitt
<b>Meland kommune - Engelsk</b>	<b>49</b>	<b>46</b>	<b>48</b>
Hordaland fylke - Engelsk	49	49	49
Nasjonalt - Engelsk	50	50	50
<b>Meland kommune - Lesing</b>	<b>48</b>	<b>47</b>	<b>48</b>
Hordaland fylke - Lesing	50	49	50
Nasjonalt - Lesing	50	50	50
<b>Meland kommune - Rekning</b>	<b>49</b>	<b>46</b>	<b>48</b>
Hordaland fylke - Rekning	50	50	50
Nasjonalt - Rekning	50	50	50

Tabellen over viser resultat frå nasjonale prøve 5. trinn. Det er ein nedgang i resultat på alle faga, og vi ligg under nasjonalt nivå på både engelsk, lesing og rekning.

Nasjonale prøver	2014-2015 (8. trinn)	2015-2016 (8. trinn)	2014-2015 (9. trinn)	2015-2016 (9. trinn)
<b>Meland kommune - Engelsk</b>	<b>48</b>	<b>50</b>		
Rossland skule	47	50		
Meland ungdomsskule	50	51		
Danielsen skule, Frekhaug	49	46		
Hordaland fylke - Engelsk	49	50		
Nasjonalt - Engelsk	50	50		
<b>Meland kommune - Lesing</b>	<b>49</b>	<b>50</b>	<b>53</b>	<b>52</b>
Rossland skule	51	51	51	50
Meland ungdomsskule	48	49	54	53
Danielsen skule, Frekhaug	50	48	49	52
Hordaland fylke - Lesing	49	50	53	53
Nasjonalt - Lesing	50	50	54	53
<b>Meland kommune - Rekning</b>	<b>49</b>	<b>49</b>	<b>52</b>	<b>52</b>
Rossland skule	48	48	50	51
Meland ungdomsskule	50	50	53	52
Danielsen skule, Frekhaug	51	48	49	54
Hordaland fylke - Rekning	49	50	53	53
Nasjonalt - Rekning	50	50	53	54

Tabellen over viser resultat frå nasjonal prøve 8. og 9. trinn fordelt på faga engelsk, lesing og rekning. Når det gjeld resultat for *engelsk* 8. trinn har kommunen hatt ei positiv utvikling og ligg på nivå med fylket og landet. Begge ungdomsskulane har hatt ei positiv utvikling. Resultat for *lesing* for 8. trinn (2015-2016) viser at kommunen ligg på nivå med landet, og for 9. trinn ligg vi under snittet for landet. Resultat for *rekning* 8. trinn og 9. trinn skuleåret 2015-2016, viser at vi ligg under nivå for fylket og landet.

### Læringsmiljø

Opplæringslova kap.9a-1 seier at: «Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring».

Skuleporten (Udir) presenterer data om læringsmiljø henta frå Elevundersøkinga som vert gjennomført om hausten. Resultat frå hausten 2015 vert ikkje publisert i Skuleporten før i midten av mars 2016, vert presentert i kommunen sin tilstandsrapport for skulane etter sommaren

### **Felles mål- og strategidokument (handlingsplan) for skulane**

Kommunen har laga eit felles mål- og strategidokument (handlingsplan) for skulane. Felles vedtekne mål for skulane i planperioden 2016-2019 er:

- *Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing over fylkesnivå etter 2015*
- *Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i både lesing og rekning*
- *Nullvisjon på tal elevar som opplever mobbing på skulen.*

#### **Strategiar for å nå måla:**

1. Tidleg identifisering og innsats
2. Utarbeide strategi for realfag,
3. Styrke arbeid med undervegsvurdering,
4. Delta i utprøving av nasjonal strategi for lesing og «Ungdomstrinn i utvikling»,
5. Læreplanarbeid,
6. Nettverk og kompetanseheving,
7. Systematisk arbeid for å førebyggje mobbing,
8. Brukarmedverknad (foreldreundersøking,)
9. Kvalitetsoppfølging frå skuleeigar
10. Sikre likeverdig opplæringstilbod mellom skulane (bruk av ressursfordelingsmodell).

### **7.6.2 Grasdal skule**

Grasdal skule er ein 1 til 7 skule med 131 elevar og 22 tilsette. Skulen har stor auke i talet på elevar og klassar dei siste åra. Vi har hatt vanskar med nok klasserom og grupperom til å gjennomføre undervisning, spesialundervisning og grunnleggjande norsk. Særleg utfordrande er dette for praktisk-estetiske fag når vi manglar spesialrom, og for helsesøster og nødvendige møter. Våren 2016 startar utbygginga av skulen som skal løyse desse utfordringane.

Grasdal skule har forholdsvis høg lærartettleik grunna språkdeling og stor variasjon i elevtal i klassane. I 2015 har skulen hatt fokus på lesing som grunnleggjande ferdigheit. Vi har teke i bruk Leselos som program og verktøy for kartlegging og planlegging av undervisning. Vi har hatt fokus på digital kompetanse og har i større grad vektlagt digitale læringsressursar og its learning som læringsarena. Elevundersøkinga for hausten 2015 viser ei generell auke i trivsel og låg andel elevar som svarar at dei vert mobba. Positiv forsterkning og felles ansvar for elevane sitt læringsmiljø er vår pedagogiske plattform.

### **7.6.3 Meland Ungdomsskule og vaksenopplæring**

#### **Meland vaksenopplæring**

Meland vaksenopplæring (VO) tilbyr undervisning til vaksne som har rett etter § 4 A-1 og § 4A-2 i Opplæringslova. VO gir tilbod til fylgjande grupper:

- Dei som har rett til grunnskuleopplæring for vaksne
- Vaksne med samansette lærevanskar, dysleksi, psykiske lidingar eller fysiske funksjonshemminga
- Vaksne med rett til realkompetansevurdering

Det er fire lærarar tilsett i vaksenopplæringa, fordelt på 2,1 årsverk.



VO har skuleåret 2015-16 gitt tilbod om logopedtenester for vaksne. Desse tenestene er levert av logoped tilsett på helseområdet. Det er laga ein plan for når VO skal levere logopedtenester og når tenesta vert levert innanfor helseområdet. Kapasitet for logopedtenester i VO er avhengig av talet på pasientar frå helse som treng tenesta. VO samarbeider med MAKS i oppfølginga av fleire elevar. Vaksenopplæringa er organisert under Meland ungdomsskule med rektor som leiar.

### **Meland ungdomsskule**

Meland ungdomsskule har 140 elevar skuleåret 2015-16. Det er venta auke i elevtalet på sikt, men samstundes er tala usikre ettersom eit ulikt tal elevar vel Danielsen skule kvart år. Skulen har 28 tilsette, der fire av dei er assistentar/barne- og ungdomsarbeidarar og ein merkantilt tilsett. Lærarane har høg utdanningsgrad, men alderssamansettinga i personalet gjer at det vil skje endringar i personalet dei næraste åra.

Skulen deltek i den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling» med fokus på lesing i alle fag. Vi er også ein Zero-skule, og har hausten 2015 starta eit arbeid for å revitalisere anti-mobbearbeidet. Skulen har hatt behov for investering i digitale verktøy, og i 2015 vart det kjøpt inn digitale tavler i alle klasserom. For 2015 hadde skulen eit styrt overskot, der det var avtale om fordeling av midlar til andre skular. Meland ungdomsskule har ikkje gymsal eller anna lokale som rommar alle elevane. Det er eit sagn for både logistikk kring kroppsøvingsfaget, men også fordi vi ikkje kan leggje opp til fellessamlingar med alle elevane slik at vi i større grad kan gjere ting samla heile skulen.

### **7.6.4 Rossland skule**

Rossland skule er ein 1 til 10-skule, der ungdomstrinnet får elevar frå både Rossland og Vestbygd skule. Skulen har nedgang i elevtalet, og har plass til fleire elevar på alle klassetrinna. Forklaringa på synkande elevtal er at det vert bygd lite nye bustadar i krinsen, og grunnngjevinga for dette er kapasiteten på vegen ut til Vikebø.

Skulen ligg høgare enn dei andre skulane på vaksentettleik. Dette kan ha si forklaring med at det synkande elevtalet ikkje har gjort at vi har kunna redusere klassetalet, slik at det er i snitt færre elevar per klasse enn det var tidlegare.

### **7.6.5 Sagstad skule**

Sagstad skule er ein 1 til 7 skule med ca 380 elevar og 55 tilsette samt ein lærling. Skulen har framleis ei auke i talet på elevar og klassar. Vi har hatt vanskar med nok klasserom og grupperom til å møte denne auka i elev- og klassetalet. Dette har vore ei av dei største utfordringane våre dei siste åra. Våren 2016 startar utbygginga av skulen som skal løyse desse utfordringane.

Sagstad skule er den skulen i Meland med lågast lærartettleik på barnetrinnet. Skulen har ikkje dei same utfordringane i høve til språkdeling som Vestbygd og Grasdal i og med at ein sjølv med språkdeling får tilnærma same klassetalet som ein ville fått utan språkdelinga. Dette medfører mellom anna at gjennomsnittleg klassestorleik er større enn på dei andre barneskulane.

Det siste året har skulen hatt fokus på å revidere dei lokale læreplanane i faga med meir fokus på grunnleggjande dugleikar. Skulen har og teke i bruk VOKAL som eit verktøy for vurdering og kartlegging av læring på fleire trinn. Frå og med hausten 2016 skal VOKAL nyttast for alle elevane med tanke på betre tilpassing av undervisning til den einskilde elev.

## 7.6.6 Vestbygd skule

Vestbygd skule er ein barneskule med 196 elevar og 32 tilsette.

Vi har språkdeling på alle trinn, slik at ein har mindre fleksibilitet i høve til gruppeorganisering. Skulen har arbeidd spesielt med revidering av lokale læreplanar dette året. Dette er svært tidkrevjande arbeid, og vi vil også måtta bruka tid på dette i 2016. Vi har også laga eit årshjul for «Anneleisdagar» der det tverrfaglege er i fokus.

Det har vore ein nedgang i talet på born i SFO i løpet av året trass i auka elevtal, og vi er spent på om denne tendensen held fram i 2016.

2015 har også vist at parkeringstilhøva for tilsette og besøkande er langt i frå tilfredsstillande. Dette fører til trykk mot naboar sine areal, og det kan også oppstå farlege situasjonar. Teknisk har synt velvilje og kome med forslag om kortsiktige tiltak, men på lengre sikt bør det sikrast areal slik at det kan bli tryggare løysingar.

## 7.7 Helse

### Arbeidsområde:

Kort punktvis oppsummering av dei viktigaste arbeidsoppgåvene til tenesteområdet

- Legeteneste. Inkluderer fastlegetenestene, legevakt og offentleg legearbeid.
- Interkommunalt samarbeid om helsetenester og utvikling. Samhandling med spesialisthelsetenesta (samhandlingsreforma).
- Psykisk helseteneste og rusvern, personar > 18 år.
- Helsestasjonsteneste og skulehelseteneste.
- Fysio- og ergoterapitenester.

### Drift i 2015:

Kommunen leverer tenester gjennom både eigne tilsette og gjennom driftsavtalar med private. Det er avtale om til saman 1,5 årsverk for næringsdrivande fastlegar. Vidare gjev kommunen driftstilskot til fysioterapiteneste i til saman 3,25 årsverk (inkludert auke med 0,5 årsverk frå juni 2015). I kommunen er det og etablert andre private helsetenester utan tilskot eller avtale med kommunen, m.a. innan naprapati, fysioterapi, reisemedisin og familierådgjeving.

### Brukarar:

#### Tal på ordinære fastlegekonsultasjonar (utanom offentleg legearbeid)

	Helsenaustet legepraksis	Frekhaug legesenter
2014	5 339	12 599
2015	5 490	12 865

## Mål og måloppnåingar:

Mål	Måloppnåing
Legetenesta: Yte gode almennglegetenester gjeve av kompetent personell	Tal på legekonsultasjonar er auka Listekapasitet auka i takt med folkevekst Vidareført etter- og vidareutdanning, spesialisering almenmedisin
Psykisk helse og rus: Bidra til å fremje sjølvstende, tilhøyring og styrka evne til å meistre eige liv for menneske med psykiske lidingar.	Gje avgrensa tilbod, avslutte inntil halvparten av tilviste pasientar (51 av 108 aktive pasientar). Styrka rusvernet med eit årsverk innan buoppfølging/miljøterapi, prosjektstilling frå Fylkesmannen. Etablert tilbod i Sjurshuset i samarbeid med frivillige Vidareutdanning Høgskulen i Bergen.
Samarbeid med andre kommunar og sjukehus: Samarbeide om løysingar knytt til utvikling og nye oppgåver.	Medverknad gjennom Helseutvalet i regionen, overordna Samarbeidsutval og fagråd/underutval. Ei rekkje tiltak gjennomført: ma. fast drift akuttsenger frå 01.01.16, forprosjekt helsehus, revisjon tenesteavtale fødselsomsorg. Oppstart prosjekt "Tidlig inn" med Bergensklinikkene og Lindås kommune.
Helsestasjon og skulehelse: Bidra til gode og trygge foreldreskap, trygge born og unge, samt å bidra til livsmeistring, god helse og trivsel.	Gjennomført auka legetid på helsestasjonen. Iverksett eit ekstra årsverk helsesøster. Gjennomført barselgrupper og foreldrerettleiing. Spesifikk kompetanseheving innan overvekt, ammekyndig helsestasjon, flyktningar.
Fysio- og ergoterapi: Habilitering og rehabilitering, bidra til eiga meistring, tilpassing/opplæring hjelpemiddel, utsetjing av hjelpebehov og gjenvinning av mogleg funksjonsevne. Kliniske tenester.	Styrka klinisk arbeid med 0,5 årsverk. Deltaking i prosjekt kvar dagsrehabilitering.
Ivareta overordna funksjonar innan leiging og samfunnsmedisinsk verksemd.	Konkrete tiltak og tilsyn innan smittevern og forvaltning av folkehelseova. Formalisert vidareutdanning leiarar starta/gjennomført.

## 7.8 NAV / sosiale tenester

### Arbeidsområder

- Betre levekår for vanskelegstilte
- Bidra til høgare sysselsetting, låg ledighet og eit inkluderande arbeidsliv
- Tett oppfølging av personar som står utanfor arbeidsliv med spesiell fokus på ungdom under 24 år.
- Flyktningar skal integrerast i ordinære bumiljø. Målet er at busette flyktningar skal klare seg sjølve etter endt introduksjonsprogram.

### Utvikling i året.

Det er lite endring i talet på heilt ledige frå januar 2015 til januar 2016. Trass oppgang i arbeidsløysa både i fylket og regionen har arbeidsløysa i Meland lagt på 3,4 % av arbeidsstyrken i januar 2015 og i januar 2016. Vi har vesentleg fleire på arbeidsmarknadstiltak no enn ved same tid i fjor.

Talet på brukarar som har mottatt sosial stønad er redusert med 15% frå 2014 til 2015.

## **Fagleg kvalitet / kvalitetsarbeid/tilsyn**

NAV har eit eige kvalitetssystem som måler ulike indikatorar. NAV Meland er måloppnåande på indikatorar som «oppfølging av brukarar med nedsett arbeidsevne», «Arbeidsmarknadsbistand til arbeidsgjevarar i kommunen» og at «brukarar vert kontakta» innan fristen. Vi var ikkje måloppnåande på gjennomførte «jobbmatch», «planar for arbeidssøkjjarar med nedsett arbeidsevne» og « individuell plan for ungdom ».

Det har ikkje vore tilsyn i 2015.

## **Brukarar**

<b>Brukargruppe</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>
Antal brukarar som har motteke sosialstønad	175	204
Unge einslege under 25 år	24	21
Einslege med born	37	49
Arbeidsløyse januar	3,40 %	3,40 %
Brukarundersøking score	3,5	4,3

Talet på unge under 25 år som mottok sosialstønad er om lag likt. Meland kommune har ikkje hatt same auke på unge som har trong for sosialstønad som td. Lindås, som har merkbar auke i denne aldersgruppa. Dette er eit område ein må være særskild merksam på då dette biletet fort kan endrast.

Det er viktig å hindre at brukarar vert passive mottakarar av stønader. Meland har framleis mange unge under 30 år som er under arbeidsavklaring. Det er likevel ei positiv utvikling då talet på unge under 30 år som mottar AAP no utgjør 16 % av sakene mot 20% eit år tilbake. Vi set vilkår til unge ledige om dei er på sosialhjelp eller anna yting der dei mellom anna må møte på Ungjobb på NAV.

Kvart år vert det gjennomført ein brukarundersøking på NAV kontora. Undersøkinga vert gjennomført på kontoret. I år var det berre 14 som svarte mot 29 året før. I Hordaland er brukarane stort sett nøgde med den service dei får frå NAV. I Meland er brukarane mindre nøgde med NAV enn i resten av fylket og brukarane er mindre nøgde i 2015 enn dei var i 2014. Om dette skuldast at vi er tettare på eller om dei er ikkje er nøgde med måten dei vert møtt på er vanskeleg å seie. NAV vil arbeide både med sjølve brukarmøtet og prøva å ver tydeleg på kva dei kan vente av NAV.

## **Mål og måloppnåing**

<b>Mål</b>	<b>Status / måloppnåing</b>
Betre levekår for vanskelegstilte	Arbeide for at brukarar ikkje vert ståande sosial stønad over tid.
Bidra til høg sysselsetting, låg ledighet og eit inkluderande arbeidsliv	Stabil arbeidsløyse trass oppgang i fylket og regionen- Arbeidsløysa er likevel høg i Meland. Har god kontakt med arbeidsmarkanden.
Tett oppfølging av personar som står utanfor arbeidsliv med spesiell fokus på ungdom under 24 år	Etablert Ung jobb
Flyktningar skal integrerast i ordinære bumiljø. Busette flyktningar skal klare seg sjølve etter endt introduksjonsprogram.	Vi busett i ulike deler av kommunen. Det er born på fleire skular og barnehagar. Godt samarbeid med lokale krefter, frivillige organisasjonar og frivillighetsentral.

## Utviklingsoppgåver

Tiltak	Status
Ungdom	Etablert "Ungjobb" der ungdom møter for å søkje arbeid og bli fulgt tett med omsyn til arbeid og aktivitet. Etablere eit eige regime rundt unge under 30 år som mottek arbeidavklaringspengar
"Arbeid Først"	Stabil arbeidsløyse trass oppgang i fylket og regionen- Arbeidsløysa er likevel høg i Meland. Har god kontakt med arbeidsmarkanden.
Vegleiing	Etablert Ung jobb

Meland kommune skal sikre at våre busette flyktningar etter introduksjonsprogram er økonomisk sjølvstendige og godt integret i samfunns- og arbeidsliv. I prosjektet «Arbeid først» vil vi arbeide aktivt og systematisk for at fleire av dei busette flyktningane er yrkesaktive og ikkje avhengige av økonomisk sosialhjelp. Dei kjem inn i prosjektet mot slutten av introduksjonsprogrammet og vert følgt etter endt introduksjonsprogram. Prosjektet starta i oktober og er støtta med skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Vi vonar vi får støtte i år og.

Ei av satsingane til NAV er å betre rettleiingskompetansen. Kommunane i Nordhordland er med på denne satsinga. Det å gje betre oppfølging av brukarar er viktig for at den enkelte i brukar skal lukkast.

## 7.9 Barnevern

### Arbeidsområder

- Sikre at barn som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling får naudsynt støtte og hjelp
- Bidra til at barn får trygge oppvekstvilkår
- Dersom barn ikkje får tilstrekkelig hjelp og god nok omsorg kan barneverntenesta overta omsorgen.

### Drift i 2015

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Budsjett	Rekneskap	Avvik	Forbruk i %
2015	7,55	7,75	97,42 %	9 296 000	10 441 000	-1 145 000	112,3 %
2014	7,55	7,75	97,42 %	9 032 000	7 593 000	1 439 000	84,1 %
Endr. i året	-	-	0 %				

Kommune	Funksjon	2013	2014
Meland	Brutto driftsutg. pr. barn som bur heime (251)	23 104	7 073
	Brutto driftsutg. pr. barn som er plassert (252)	257 000	260 875
Lindås	Brutto driftsutg. pr. barn som bur heime (251)	42 112	37 881
	Brutto driftsutg. pr. barn som er plassert (252)	445 552	448 774
Gjerdrum	Brutto driftsutg. pr. barn som bur heime (251)	9 306	38 581
	Brutto driftsutg. pr. barn som er plassert (252)	227 050	378 938
Sogndal	Brutto driftsutg. pr. barn som bur heime (251)	22 167	35 943
	Brutto driftsutg. pr. barn som er plassert (252)	454 714	366 421

## Nøkkeltal

Det er utfordrande å budsjettere innan dette området. Dei uforutsette utgiftane i 2015 skuldast fleire plasseringar og auka kommunal eigendel ved plasseringar. Kostra-tala syner dog at utgiftsnivået i tenesta er moderat samanlikna med nokre av kommunane i vår kommunegruppe.

Det kan ventast ei auke i åra som kjem, grunna bortfall av statleg finansiering til tiltak.

## Fagleg kvalitet / kvalitetsarbeid/tilsyn

Sjølvom vi har eit relativt lågt utgiftsnivå vert kvaliteten på tenestene og det fagleg nivået i tenestområdet vurdert som godt, med eit personale som har god kompetanse og lang røynsle få fagfeltet.

Våren 2015 gjennomførte fylkesmannen tilsyn kring temaet «tilbakemelding til meldar». Det vart funne at dei skriftlege rutinane ikkje var i samsvar med gjeldane regelverk. Dette er no retta opp.

## Brukarar

Talet på meldingar har auka frå 94 meldingar i 2014 til 132 meldingar i 2015, noko som har ført til ein auke i utgiftene. I dei fleste tilfella er det skule eller barnehage som melder, men i mange tilfelle er det foreldra sjølve som melder.

Meldarar	2015
Privat/foreldre	11 %
Barnehage	28 %
Barnevern	28 %
Lege/sjukehus	11 %
BUP	5 %
Skule/PPT	17 %
<b>Sum</b>	<b>100 %</b>

## Mål og måloppnåing:

Mål	Status / måloppnåing
Gje foreldrerettleiing til eigne brukarar og andre	Foreldrerettleiing er no eit fast tilbod
Samarbeide med barnehager, skular og andre	For barnehage og skule er det på plass gode samarbeidsorgan
Særskild fokus på vald/overgrep mot barn/unge	Konsultasjonsteam vald/overgrep er etablert.

Satsingsområdet er førebyggjande arbeid ( tidleg intervensjon = god investering)

## Utviklingsoppgåver

Tiltak	Status
Drive godt førebyggjande arbeid	Foreldrerettleiing er etablert som tilbod
Pådrivar i interkommunalt samarbeid	Konsultasjonsteam vald/overgrep er starta opp. Må vidareutviklast.
Drive kontinuerleg med kompetansehevande utvikling	Bruke kompetanseplan for å nå måla som er sett opp
Mogleg etablering av bo/omsorgstiltak og/eller fosterheimer for einslege mindreårige flyktningar	Førespurnad frå fylkesmannen skal handsamast politisk

## 7.10 Meland sjukeheim



Meland Sjukeheim vart 40 år i 2015. Dette vart feira med triveleg program, god mat og drikke med samling for bebuarar og brukarar av Dagsenteret den 23. september. Etter lunsj den dagen hadde personalet ei samling på Dagsenteret.



Dette bildet er frå før utbyggingane starta i 1992.

### Om drifta i 2015:

- Dei tilsette ved Meland Sjukeheim hadde hausten 2015 ei samling der det vart arbeidd med verdiane våre: **Respekt - Tillit – Livsglede**. Eit resultat av dette arbeidet enda opp med denne visjonen: **Omsorg med livsglede og kompetanse**. Målet er at dette skal vera eit praktiske verktøy som gir inspirasjon, innhald og retning i kvardagen.
- Langtidsavdelinga, Nordgardstunet har hatt 18 pasientar heile året. Det er arbeidd mykje med aktivitetar og frivillig arbeid i avdelingar. Det er starta med fast trimgruppe for pasientane leia av fysioterapeut. Lerketunet driv med fokus på miljøarbeid med individuelle tilpassa tiltak.
- Korttidsavdelinga, Solkroken, har hatt stor aktivitet med auke i tal på korttids plassar. Til tider har det vore ein til to pasientar over det drifta er innretta mot.
- Natt-tenesta som er ei felles natt-teneste for sjukeheimen og heimetenesta har hatt eit høgt sjukefråvær i 2015. Det har til tider vore svært vanskeleg å skaffa nok kvalifisert personell og ein har difor måtta nytta ein del vikarbyrå.
- Dagsenteret har arrangert turar, festar, basar, konsertar der det vert lagt vekt på å gi teneste særleg til heimebuande pasientar, men også korttids- og langtids pasientar.
- Sentralt i drifta for heile tenesteområdet er drifta av kjøkkenet. Dei vektlegg å laga god næringsrik kost og samarbeider tett opptil dei ulike avdelingane.


### Drift:

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Budsjett	Rekneskap	Avvik	Forbruk i %
2015	58,3	102	57,2 %	38 152 000	37 607 000	545 000	98,6 %
2014	50,88	93	54,7 %	33 387 000	32 163 000	1 224 000	96,3 %
Endr. i året	7,42	9	2,4 %				



Kommentar til tabellen: I 2015 har ein hatt full årsverknad av to nye avdelingsleiarar som vart tilsett i 2014. Vidare har ein styrka tenesta på kveld/ helg då ein auka talet på pasientar ved korttidsavdelinga og langtidsavdelinga.

Det er tilsett logoped for vaksne korttidsavdelinga i 50 % stilling frå mai 2015. Organitorisk er stillinga plassert under Meland sjukeheim.

Alt dette har resultert i auka aktivitet ved Meland Sjukeheim noko som tabellane under viser:



Tabellen til venstre viser auke i tal på liggedøgn frå 11.428 i 2013, 12.809 i 2014 og til 13.793 i 2015. Dette gjev eit snitt på 37,8 plassar i bruk. Ved dødsfall/ avslutta opphald ved sjukeheimen vil pasientsenger stå ledig frå ein dag og opptil ei veke før ny pasient tek rommet i bruk. Bruk av pasientrom har auka frå 35 plassar i 2014 til 38 i 2015.



Tabellen over til venstre viser auke i tal innvilga korttids-plassar frå 44 i 2013, 61 plassar i 2014 til 81 innvilga korttids-plassar i 2015. Denne auken har samanheng med samhandlingsreforma og at det er tatt i bruk ny korttidsavdeling. Tabellen over til høgre viser innvilga langtidsopphald og sirkulasjon av langtids-plassar, frå 42 plassar i 2013, 40 plassar med langtid i 2014 og 56 innvilga plassar i 2015.

Tabellen under viser bruk av pasientrom i høve til totalt tal på rom:

Meland Sjukeheim	Avdeling - Pasientrom	Pasientrom i bruk pr. 31.12.13	Pasientrom i bruk pr. 31.12.14	Pasientrom i bruk pr. 31.12.15	Rom totalt gruppe / avdeling
Nordgardstunet	Gruppe A	14	10	10	14
	Heimetenesta kontor frå des. 2014 (midlertidig)	0	4	4	
	Sekretær	0	1	1	(+1)
	Gruppe B	9	7-8	8	8
	Avdelingsleiar kontor		1	1	(+1)
Lerketunet	Avdeling D	12	12	12	12
Solokroen (frå 01.05.14)	Avdeling C	0	7	7	9
	Lindrane eining	0	1	2	
Ikkje i bruk	Lindrane eining / evt. pårønderom		3	2	(+2)
<b>Pasientrom i bruk totalt</b>		<b>35</b>	<b>36</b>	<b>38</b>	<b>45 + 2</b>

Vi ser auke i tal på plassar/ pasientrom frå 35 til 39 pr 31.12.2015. Bemanninga måtte då styrkjast særleg på kveld og helg.



I 2015 har det vore arbeidd mykje med telefonsystemet og pasientvarslingssystemet ved Meland Sjukeheim. Det gamle systemet var prega av diverse utvidingar ved bygget og dårlege handhaldne telefonar. Både telefonar og sjølv systemet er skifta ut / forbetra. Vidare er det i 2015 innført nytt dørkontrollsystem 2015 gjeldande for heile bygget.

Alt dette har vore viktig å få på plass som forbetring av tryggleik rundt pasientar og teneste.

### **Brukarar**

Meland Sjukeheim arbeider for at pasientane skal få ei individuell, kvalitativ og god teneste, jmf mål- og strategi – og dokumentet. Sjukeheimen har i 2015 utarbeidd nytt skjema for bakgrunnsopplysningar med informasjon frå brukar/ pårørande («Mi livshistorie»). Dette er sentralt i samtale mellom pasient og pleiar.

Det vert laga individuell pleieplan med tydelege tiltak for pleie- og aktivitetar.

Vidare har ein arbeidd med arbeidsplan for tenesta med tydleg-gjering og fordeling av ansvar.

### **Aktivitetar:**

- Det er investert i Motitec-syklar ved alle avdelingar – også Dagsenteret for å auka aktivitet, kondisjon og styrke. Det er satt i gang systematisk arbeid rundt dette med sykkelansvarleg tilsett ved langtidsavdelinga. Dei aller fleste har faste tider dei syklar. Det er sett av på sykkeltimeplanen og i dagsprogrammet i avdelinga. Stadig fleire nyttar sykkelen. Det er og til glede for andre når ein syklar. Filmane og musikken vert nytta til underhalding også for andre.
- Det er starta samarbeid med frivilligsentralen. Dei kjem til langtidsavdelinga kvar onsdag ettermiddag. Det er satt opp program for desse dagane. Vi har fått aktivitetar som kiosktralle, vaffelsteiking med god sanseoppleving, kino, song og samtale er faste innslag. Dette er eit flott samarbeid til glede og inspirasjon.
- Samarbeid med kyrkja / andre forsamlingar med andakt kvar tysdag.
- Meland Sjukeheim ynskjer å leggja til rette for at pasientar skal få kulturelle opplevingar i form av song, utstillingar eller andre opplevingar. Dette er kontinuerleg arbeid og har vore i fokus også i 2015.
- Det er gjennomført eit pårørande møte vår 2015. Dette arbeidet vert utvida i 2016, sjå tiltak under.

Tabellen under viser årsverk i høvet til plassar og måler gjennomsnitt-tal for pleiefaktor.

Nordgardstunet har høgare pleiefaktor mot slutten av året (opp mot 0,9). Korttidsavdelinga er ein aktiv avdeling med mange inn og utskrivningar, behandling og opptrening og difor har difor ein høgare pleiefaktor enn td langtidsavdelinga.

<b>Pleiefaktor: tal årsverk med pleiepersonell pr. plass</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
<b>Langtid m/natt (Nordgardstunet)</b>	0,86	0,83 til 0,87
<b>Korttid/rehab. m/natt (Solkroken)</b>	1,3	1,26
<b>Lerketunet m/natt</b>	1,13	1,15
<b>Totalt</b>	1,07	1
<b>Årsverk/plassar</b>	(36,25/34)	(37,96/38)

### **Fagleg kvalitet / kvalitetsarbeid/tilsyn**

I arbeidet med fagleg kvalitet på tenesta har sjukeheimen arbeidd med målsettingsarbeid for tenesteområdet. Dette arbeidet har enda opp i eit mål- og startegi-dokument. Det er satt opp ein tiltaksdel til dette dokumentet.

For 2015 har desse områda vore arbeidd med arbeidsplan – tydeleg ansvarsfordeling pr dag / vakt. Det har vore viktig å satsa på primærkontaktrolla og dokumentasjon/ rapport.

Det å arbeida med prosjektet for å førebygga fall og liggesår er eit viktig og pasientretta tiltak innan kvalitetsforbetring.

Korttidsavdelinga er med i prosjektet «Kvardagsrehabilitering» saman med heimetenesta.

### **Mål og måloppnåing**

<b>Mål</b>	<b>Status / måloppnåing</b>
Auke i tal pasientrom.	Auka drift av pasientrom frå 35 til 39.
Prosedyrar er oppdatert / revidert	Ein god del av prosedyrane er endra/ oppdatert i 2015. Dette må vidareførast i 2016 ved bruk av Kf-kvalitet.
Auka nærværet til over 90 %	Målet er ikkje nådd for 2015 For 2014 var sjukefråværet redusert frå 13,3 % i 2013 til 10,3 % i 2014 og for 2015 var dette 12,6 %
Arbeidsplan med pasientoppfølging og ansvarsfordeling for kvart skift er innført	Arbeider framleis med utvikling, å finna gode funksjonelle lister og tydeleg ansvarsfordeling som grunnlag for dokumentasjon på tenesta.
Prosjekt heiltidskultur	Ta i bruk årsturnus. 2015 er første år med utarbeidd turnus for heile året. Tiltak / effekt: Auke stillings-størrelse / mindre bruk av små stillingar og betring av kvalitet i tenesta. Evaluering av prosjektet i 2016.
Redusere risiko av fallfare og decubitus (liggesår)	Er med i prosjektet i Trygge hender i regi av utviklingssykehjem, Hordaland: Forebygging av fallfare og decubitus. Prosjektet vert avslutta vår 2016, men læringa av dette vidareførast inn i drift og gjeld heile sjukeheimen.
Tilsette er oppdatert ang tiltak ved forflytning av pasient	Gjennomføra forflytningskurs i regi av bedrifthelsetenesta.

### **Utviklingsoppgåver**

<b>Tiltak</b>	<b>Status oppgåver som vert vidareført til 2016</b>
Starta arbeid med tenestestandard i 2015	Vert vidareført i 2016 for dei ulike ansvarsområda
Ferdigstilt tiltaksdel i mål og strategi dokumentet i 2015	Vidareføra tiltaksdelen med konkrete tiltak for 2016
Formell leiarutdanning, leiargruppa	Gjennomført 2 modular i 2015. 2 nye modular vert gjennomført i 2016 (30 studiepoeng)
Ernæring/kost	Vert teke som tema på fagdag og vurdert opp mot dagleg drift for 2016
Samarbeid med frivillege/pårørande	Vidareføra/utvikla samarbeidet mot frivillege Starta pårørande/brukaforum i 2016
Arbeide med verdien livsglede	Arbeide med konkrete tiltak for aktivitetar og innhald. Vurdere tiltak som Livsgledesjukeheim

## 7.11 Meland heimeteneste

I heftet Omsorg 2020 som er regjeringa sin plan for omsorgsfeltet 2015-2020 vert det hevda at største endringane i dei kommunale helse og omsorgstenestene dei siste tiåra har skjedd i heimetenestene, og det er fyrst og fremst heimesjukepleia som veks. Som fylgje av ein rekke reformer har ansvar og oppgåver blitt overført frå spesialisthelsetenesta til kommunane. I tillegg har vi hatt ei omstilling i spesialisthelsetenesta med kortare liggetid, meir behandling på dagtid og poliklinisk behandling. Vi har fått pasientar med meir fagleg krevjande og komplekse medisinske og psykososiale behov. Ein sterk heimeteneste kan førebygge funksjonssvikt og sjukdomsutvikling og utsette eller hindre innlegging på institusjon.

### Arbeidsområder

Hjelp i heimen vert gjeve til dei som treng det, uavhengig av alder. Dei som får innvilga tenester må fylle vilkåra for aktuelle tenester etter gjeldande lovverk.

Heimetenestene yter desse tenestene:

- heimesjukepleie
- praktisk bistand/opplæring
- brukarstyrt personleg assistanse
- Avlastning
- omsorgsløn
- støttekontakt
- tildeling av omsorgsbustad
- tryggleiksalarm

### Drift i 2015

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Budsjett	Rekneskap	Avvik	Forbruk i %
2015	75,5	115	66 %	57 927 317	56 728 728	1 198 589	97,9 %
2014	65,3	107	61 %	49 306 000	49 982 000	-676 000	101,4 %
Endr. i året	10,2	8	5 %				

Tabellen viser eit forbruk av budsjettet på 97,9% for heimetenesta i 2015. Årsaka er fyrst og fremst at ca. 1 million kroner vart overført frå NAV og skulle nyttast til drift av eit tilbod på dagtid som ikkje vart etablert i 2015. Samanliknar ein forbruket i 2014 og 2015 ser ein auke som underkant av 7 million kroner. Mellom anna har fleire brukarar med nedsett funksjonsevne hatt trong for auka ressursar.

Det har i 2015 og vore nytta ekstra personell både på dag- og kveldsvakter dei fleste helgene. Det har vore vanskeleg å få vikarar til desse vaktene, til andre vakante vakter og helgestillingar noko som har resultert i mykje overtid på det faste personalet. Overtid er sjølv sagt ikkje ynskjeleg og også dyrare, men då det i fleire tilfelle har teke tid før ein har fått fagpersonell i utlyste stillingar, har ein ikkje fått eit overforbruk totalt sett. Mangel på fagpersonar over tid er ikkje gunstig for kvaliteten på tenesta til brukarane og det har difor vore arbeid med rekrutteringstiltak for å motverke dette.

### **Fagleg kvalitet / Kvalitetsarbeid**

Det er eit stort behov for å utvikle og implementere ny kunnskap i omsorgssektoren. Det er også nødvendig med eit fagleg og strategisk leiarskap for at vi skal kunne yte gode tenester. For å styrke kompetansen innan leiing er det som ein del av Kompetanseløftet 2015 etablert ei leiarutdanning for helse og omsorgssektoren. Dei to avdelingsleiarane i heimetenesta har i 2015 fullført fyrste del av denne leiarutdanninga og fortset i 2016. ( til saman 30 studiepoeng)

Heimetenesta gjev tenester til pasientar/brukarar gjennom heile livsløpet. Fleire av dei vi yter teneste til har ofte omfattande og langvarige behov som krev høgare og tverrfagleg kompetanse. Ved utlysning av vakante stillingar vert det gjort ei vurdering om vi har riktig kompetanse på plass. I 2015 vart ufaglærte stillingsheimlar omgjort til både helsefagarbeidar-, vernepleiar- og sjukepleiarstillingar.

Etter medarbeidarkartlegginga i 2014 var eit av fokusområda i handlingsplanen fagleg og personleg utvikling av personalet. Dette har vi og prøvd å vidareføre i 2015. Ein hjelpepleiar i heimetenesta starta hausten 2015 opp eit utdanningsløp innan sjukepleie. Utdanninga er desentralisert og går over 4 år. Vi har hatt fokus på intern undervisning med ulike tema. Fleire av dei tilsette har vore på ulike kurs, td. stell og pleie av døande pasientar. I og med at Meland kommune er ei IA-bedrift fekk vi etter søknad om økonomisk støtte frå NAV sjanse til å gjennomføre kurs for personalet om autisme.

### **Kvardagsrehabilitering**

I 2015 vart Meland kommune deltakar i KS sitt nettverk for effektivisering «kvardagsrehabilitering». Nettverksperioden varer fram til juni 2016. Kvardagsrehabilitering kan vere eit tiltak for å bidra til betre helse og aktiv alderdom. For meir informasjon: [www.kvardagsrehabilitering.no](http://www.kvardagsrehabilitering.no)  
Dei fyrste kommunane er ferdige med nettverksperioden, og resultatane av arbeidet har vore svært gode. Denne satsinga er viktig då statistikkane viser at det i åra som kjem ikkje vil vere samsvar mellom søknadar om tenester og ressursar som ein har tilgjengeleg. Kvardagsrehabilitering krev ekstra ressursar i startfasen.

I budsjettet for 2016 vart det sett opp to trenarstillingar, men dei stillingane vart flytta til økonomiplanen for 2018. Oppstarting med denne tenesta vil dermed gå saktare enn ynskjeleg. Nettverksgruppa der fysioterapeut, ergoterapeut, avdelingsleiar frå sjukeheimen, avdelingsleiar frå heimetenestene, sjukepleiar i heimetenestene og leiar i heimetenestene er med, har arbeidd med prosjektplan, ulike registreringsverktøy og ikkje minst informasjon til og holdningsendring hjå personalet.

Vi merkar no ei bevisstgjering hjå personalet når det gjeld å legge tilhøva til rette slik at pasientane kan vere meir delaktig i sin kvardag framfor at dei utfører dei ulike gjeremåla for pasientane. Ein annan stor fordel med dette nettverksarbeidet er at vi opplever ein svært positiv effekt på samarbeidet mellom sjukeheimen, ergo-fysioterapiavdelinga og heimetenesta.

### **Sampro systemkoordinator, koordinator, individuell plan, planverktøy m.m.**

Vi har i 2015 arbeidd med mandat for systemkoordinator. Dette arbeidet vil bli fullført i 2016. I 2015 blei det arrangert eitt koordinatorkurs for 12 nye koordinatorar for ansvarsgrupper og IP. P.g.a auka etterspørsel etter individuell plan og koordinator, arbeidar ein med å få fleire fagpersonar i kommunen til å ta på seg oppgåva som brukarkoordinator, med støtte og rettleiing frå

systemkoordinator. Målet er at den enkelte brukar skal få ein av sine nære tenesteytarar som koordinator, og på den måten få ei tettare oppfølging.

Nye individuelle planer er etablert i Sampro i 2015: 14

Aktive individuelle planer i Sampro pr 31.12.15: 44

Det er etablert ei interkommunal nettverksgruppe for administratorar i Sampro IP i Nordhordlandskommunane.

Systemkoordinator er og med i prosjektgruppa for implementering av Sampro IOP i kommunen, og deltek dessutan i Samarbeidsutvalet for Nordhordland i prosjektet: «Pasientmedløp - for pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester» - eit samhandlingsprosjekt i regi av Helse Bergen, som har som mål å utvikla eit overordna forløp som understøtter pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester.

### **Hukommelsesteamet**

Tre sjukepleiarar frå heimetenestene og ein sjukepleiar frå sjukeheimen, alle med vidareutdanning innan aldring og helse, har gjennomført 9 kartleggingar og 5 retestar av pasientar i 2015 der det har vore mistanke om og konstatert demenssjukdom. Dei arbeider samstundes med oppfølging av pårørande til desse. Arbeidstimar til desse oppgåvene vert tekne av ordinær drift.

Hukommelsesteamet arbeidar også tett saman med tilsynslegen ved sjukeheimen og fastlegane.

Fleire av desse pasientane har tilbod på dagsenteret og samarbeidet med ergoterapeut og dagsenteret er difor viktig når det gjeld observasjon av desse pasientane.

Representantar frå Hukommelsesteamet deltok i nettverksmøte på Olaviken, Askøy våren 2015, og på Fylkeskonferansen i Bergen hausten 2015. Tema på Fylkeskonferansen var ernæring og tannhelse, både desse tema er svært aktuelle for denne pasientgruppa.

### **Kreftsjukepleiar**

Kreftsjukepleiar får førespurnad anten frå fastlegar, pasientar eller pårørande. I den tida som kreftsjukepleiar har disponibelt ( 30% stilling) er det låg terskel for kontakt utan vedtakstimar. Kreftsjukepleiar er i tillegg til dette ein viktig fagleg ressurs både når det gjeld fagleg rettleiing, undervisning og i direkte tenesteyting.

### **Dokumentsenter Omsorg**



Arbeidet/planlegging med etablering av eit dokumentsenter for pleie og omsorg i 2015 for å samle all dokumentflyt/forvaltning gjeldande pleie og omsorg, er ressurskrevjande. Prosessen vert vidareført i 2016

Sakshandsamarane, to sjukepleiarar som brukar 20% av sine stillingar til sakshandsaming og ein sosionom i 70% stilling arbeidar godt. Dei har fått meir erfaring og tileigna seg nye kunnskapar gjennom diverse kurs. Arbeidsmengda er aukande både når det gjeld tal på søknadar og kompleksiteten i søknadane. Det er trong for meir ressursar når det gjeld sakshandsaming. Ei 100% sakshandsamarstillinga står oppført i økonomiplanen for 2018.

### **Tilsyn**

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn med Meland kommune i mars 2015. Det vart undersøkt om kommunen ved systematisk styring sikrar forsvarleg mottak og helsehjelp til pasientar som vert skrivne ut frå spesialisthelsetenesta til eigen heim. Ved tilsynet vart det ikkje avdekt forhold som er i strid med krav i helselovgjevinga.


## Brukarar



Tabellane over viser at talet på pasientar/brukarar som vi yter teneste til har auka noko frå 2014-2015. Kompleksiteten i tenestene er meir omfattande. Vi har diverre ikkje klart å få fram gode grafar som ikkje berre viser talet på pasientar/brukarar men som også viser kor omfattande tenestene er.

Som nemnt ovanfor er det naudsynt med fleire fagpersonar. Etter samhandlingsreforma som vart innført i 2012 vert pasientar skrivne ut frå spesialisthelsetenesta til kommunane tidlegare enn før. Kommunen må ta i mot pasientane når dei er ferdigmelde for å unngå betalingsdøgn. Den sjukepleiaren som dagleg fylgjer med på dei elektroniske meldingane mellom kommunen og helseforetak må saman med leiarane i heimetenesta gjere ei vurdering i det enkelte tilfelle om det er fagleg forsvarleg å ta i mot pasientane til heimen med den oppfylgjinga som heimetenestene kan gje. Dersom det er uforsvarleg med hjelp i heimen er det sjukeheimplass som er alternativet. I 2015 måtte kommunen betale for 38 pasientdøgn; til saman kr 170 000

Tabellen nedanfor viser at over 50% av den totale summen i budsjettet går til pasientar/brukarar under 67 år, medan talet på pasientar/ brukarar er dobbelt så stort for pasientgruppa over 67 år. Dette talet gjev ikkje eit rett bilete av fordelinga av kva dei ulike aldersgruppene krev av ressursar. Dersom ein hadde sett meir nøyaktig på vedtaka om tenester til dei enkelte pasientane/brukarane ville prosenten for gruppa unge/unge vaksne vore større. Generelt kan ein seie at ressursbruk i heimetenesta primært er retta mot unge brukarar.



### Mål og måloppnåing

Mål	Status/måloppnåing
<b>Hovudmål 1: god kvalitet på tenesta jfr. Kvalitetsforskrifta</b>	
Delmål 1: KF-kvalitet er oppdatert	Enkelte gamle prosedyrar er omarbeida og nye er laga, men det er mykje arbeid som gjenstår
Delmål 2: Fagleg og personleg utvikling av personalet	Gjennomført handlingsplan etter medarbeidarkartleggjinga
Delmål 3: Fagsystem/Sampro IP fungerer godt	Gjennomført opplæring av fagpersonar, men planlagt 2 nye kurs i 2016
Delmål 4: Dokumentsenteret/koordinerande eining fungerer godt	Det er utarbeida mandat for koordinerande eining, men den er ikkje godkjend. Manglar utarbeiding av rutinar
Delmål 5: Tenestestandardar er utarbeida	Tenestestandard for heimesjukepleie er på plass
<b>Hovudmål 2: I heimetenesta kjenner alle på trivsel og arbeidsglede i kvardagen</b>	
Delmål 1: Kvar enkelt tilsett utfører arbeidsoppgåvene sine på ein forsvarleg måte og er løysningsorienterte og fleksible	*Primærkontaktar får fylgje opp sine pasientar *Fast avsett tid til tverrfaglege og arbeidslagsmøter *Regelmessige pasientmøter *Ulike miljøtiltak i kvardagen som syner at ein er villig til å støtte, hjelpe og vise respekt for kvarandre
Delmål 2: Godt sosialt fellesskap kjenneteiknar arbeidsmiljøet i heimetenesta	

Heimetenestene har i 2015 arbeidd saman med sjukeheimen om mål og strategi for perioden 2015-2018, og tiltaksplan for 2016.

### Utviklingsoppgåver

Tiltak	Status
Kvardagsrehabilitering	Prosjektperiode fram til juni 2016
Velferds-/omsorgsteknologi	Kurs, hospitering 2016
Tiltaksplanar i pasientjournal	Har ikkje blitt prioritert. Naudsynt for målretta arbeid. Tema på alle gruppe-/arbeidslagsmøter
Dokumentsenter omsorg	Noko arbeid er gjort. Etablering i 2016
Sakshandsaming	Naudsynt med meir kunnskapar og ressursar til dette arbeidet
Koordinerende eining, individuell plan	Manglar koordinatarar, kurs for koordinatarar vert arrangert i 2016. mandat systemkoordinator må på plass
Utarbeiding av tenestestandardar	Ein tenestestandard er utarbeida, dei resterande 8 må utarbeidast
Utarbeiding av prosedyrar KF-kvalitet	Mykje arbeid står igjen, 2 sjukepleiarar får ansvar for å arbeide med resterande prosedyrar
Bruke PPS (Praktiske Prosedyrer i Sykepleie)	Lite brukt, 2 sjukepleiarar har fått særskilt ansvar for dette
Kompetanseheving for personalet som yter teneste til personar med nedsett funksjonsevne	For få fagpersonar, omgjerung av stillingar - naudsynt med fleire fagstillingar
Arbeid med tilrettelagte bustader for personar med nedsett funksjonsevne	Fleire brukarar bur i bustader som er lite eigna
Arbeide med dagtilbod for demente	Kommunen har per i dag ikkje eit tilpassa tilbod til denne gruppa
Formell leiarutdanning av avdelingsleiarane (30 studiepoeng)	Gjennomført 2 modular - 2 modular gjenstår i 2016

## 7.12 Kultur

### Drift i 2015

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still.%	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Budsjett	Rekneskap	Avvik	Forbruk i %
2015	9,77	19	51,4 %	7 725 680	7 647 377	78 303	99,0 %
2014	7,77	16	48,6 %	6 825 000	6 620 869	204 131	97,0 %
Endr. i året	2	3	2,9 %	900 680	1 026 508		

Budsjettet til tenestemrådet har hatt ei auke frå 2014 til 2015, det er lag og organisasjonar som har nytt godt av dette, ved at tildeling av kulturmidlar står for auken.

### Kulturskulen

Ved utgangen av 2015 hadde kulturskulen 253 elevplassar (235 unike elevar) og 13 tilsette, alle høgt utdanna og i deltidstillingar.

Eigendel er kr. 3300,- per skuleår per elevplass, det vert gjeve søskenmoderasjon. 70 elevar stod på venteliste, av desse var det 13 som hadde søkt innan fristen og ikkje fått noko tilbod. Mange får tilbod om andre- eller tredjevalet sitt.



Frivilligsentralen, biblioteket og kulturadministrasjonen har heile befolkninga som si brukargruppe og vender seg i sine tilbod til desse.

Det har ikkje vore tilsyn på nokre av aktivitetane knytt til tenesteområdet.

## Meland Bibliotek

Statistikk frå Meland bibliotek syner ei auke i aktiviteten:

	Utlån	e-lån	Besøk
2014	26 992	398	8 460
2015	28 144	511	12 490
Auke i %	4,27 %	28,39 %	47,64 %

## Mål og måloppnåing

Mål	Status/måloppnåing
<b>Kulturskulen</b> – framføring av dei ulike kunststartane i det offentlege rom	Meland Kulturskule hadde stor utøvande aktivitet og i 2015. Elevane våre opptredde på større og mindre arrangement i kommunen gjennom skuleåret, både på eigne arrangement som konsertar, framsyningar og utstillingar – men og i samarbeid med lagslivet i kommunen. I 2015 hadde Meland kulturskule sin biennale «Kulturtafet» der me hadde arrangement i Galleri Rustica, Blåklokka Barnehage, Musikkhallen og Ungdomshuset Von sitt ungdomshus – alle hus på strekninga mellom Holmeknappen og Tveit. Dette arrangementet er det andre gong kulturskulen står for og me ser at dette er ein god måte å gje alle elevane våre eit stort, felles framføringsmål og det var ein stor suksess som me kjem til å ta opp att i 2017.
<b>Frivilligsentralen</b> – samarbeid med lag og organisasjonar.	Sommaraktivitar – starta opp –vert vidareført Ganglaje – starta opp – vert vidareført Språkkafé starta opp og vert vidareført i samarbeid med biblioteket og NAV Flyktningfadderordning – starta opp og vert vidareført
<b>Biblioteket</b> – prosjekt Praksisfellesskap  Meir-ope bibliotek Styrke samarbeidet med skular og barnehagar	Arbeidet med prosjektet 2014 -2016 heldt fram. Opning av Strilabiblioteket 14.4.16. Vert ein del av Strilabiblioteket frå april 2016 Leseknappen – starta opp – vert vidareført
<b>Kultur</b>  Friluftsliv – merking og tilrettelegging	Gjennomført prosjekta: Midtmarka/Håøy, Øvre Sagstad-Krossfjellet, Furefjellet, Skintveitmarka. Sett i gang prosjekta Husebø-Skjelanger, Eikelandsvatnet, Mjåtveitvassdraget/Holsnøy sør.
Friluftsliv – padling	Gjennomført informasjonstavler for Rylandsvassdraget. Sett i gang prosjekt for padleløyper frå Flatøy og Rossland-Herdla-Skjelanger.
Friluftslivsinteresser	Kartlegging og verdisetting av friluftsområde. Friluftsiinteresser i andre kommunale prosessar
Idrett	Følgd opp prosjekta Ballbane Frekhaugmarka, kunstgrasbane III Fossemymra, kunstgrasbane Vestbygd skule. Følgd opp spelemidlar.
Kultur	Sett i gang prosjekt Meieriet til kulturføremål. Følgd opp kulturarrangement i kommunen. Kulturmidlar.
Ungdomstilbod	Drift av ungdomsrådet, andre ungdomstilbod, UKM, arbeid med etablering av ungdomsklubb
Planarbeid	Arbeid med kulturminneplan, rullering av idrettsplan.
Kulturminnevern	Kulturminneverninteresser i andre kommunale prosessar, følgd opp prosjekt i kommunen, oppgradering av Holmestova, kulturminneinformasjonstavler

## 7.13 Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)

### Arbeidsområder

- Eigedomsforvaltning og utbygging
- Arealplanlegging, geodatatenester og oppmåling
- Byggesaksbehandling, seksjonering og adressetildeling
- Landbruk, natur og miljø
- Drift, vedlikehald og reinhald av kommunale bygingar og bustader
- Drift og vedlikehald av kommunale vegar og kaiar
- Drift og vedlikehald av kyrkjegard og grøntanlegg
- Drift og vedlikehald av vatn- og avlaupsanlegg
- Administrasjon av interkommunale tenester innan slamtømming og feiing

### Drift i 2015

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Refusjon til andre kommunar			
	Årsverk	Tilsette		Budsjett	Rekneskap	Avvik	Forbruk i %
2015	42	42	100 %	28 070 000	28 122 000	-52 000	100,2 %
2014	42	42	100 %	27 650 000	27 808 000	-158 000	100,6 %
Endr. i året	-	-	0,00 %				

Budsjettet held ikkje tritt med utviklinga i faste kostnader, medrekna løn, særleg innan bygnings- og vegvedlikehaldet. Avvika er dekkja inn innafor totalramma på grunn av vakansar i stillingar på andre område. Planarbeid er nedprioritert.

### Nøkkeltal

Nøkkeltal frå Kostra	Meland		Kostragruppe 08		Hordaland		Landet u/Oslo	
	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014
Kommunalt disponerte bustader pr 1000 innbyggjarar	14	14	18	17	19	19	21	21
Netto driftsutgifter i kr til kommunal eigedomsforvaltning pr innbyggjar	2 671	2 507	4 178	4 032	4 692	4 452	4 645	4 475
- pr kvadratmeter	698	647	914	931	1 104	1 030	896	955
Årsgebyr vassforsyning	3 594	3 290	2 911	2 713	3 823	3 777	3 324	3 317
Årsgebyr avlaup	2 958	1 980	3 705	3 419	3 422	3 168	3 743	3 655
Årsgebyr renovasjon	2 976	2 840	2 347	2 446	2 262	2 354	2 551	2 645
Brutto driftsutgifter i kr pr km kommunal veg	78 632	91 698	107 756	97 973	137 936	128 575	109 090	105 327
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for private reguleringsplanar, kalenderdagar		150				260		244
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker med 3 veker frist, kalenderdagar	19	18	20	18	19	20	20	20
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker med 12 veker frist, kalenderdagar	50	49			41		38	

Små endringar i nøkkeltala frå 2014 til 2015. Netto driftsutgifter til eigedomsforvaltning auker, men kommunen ligg framleis på eit lågt nivå i høve til kostragruppa og fylket / landet elles.

Registreringar i matrikkelen	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Nye grunneigedomar medrekna seksjonering	44	150	199	66	11	86
Seksjonerte eigedomar	4	9	9	2	1	2
Nye bygningsidentar	122	92	144	117	66	79
Bygningar meldt tekne i bruk / meldt ferdig	61	98	75	65	65	125*
Nye adresseidentar	53	92	193	81	63	68

\*medrekna 35 bygg meldt tatt i bruk etter gjennomgang av «eldre saker» i byggesaksarkivet

Nøkkeltal frå matrikkelen seier noko om aktiviteten i bustadmarknaden. Merk at tala over gjeld alle eigedommar, ikkje berre bustader. Lågt tal på nye grunneigedommar i 2014 skuldast i stor grad Walde-konkursen.

### **Fagleg kvalitet / kvalitetsarbeid/tilsyn**

Tenesteområdet har kontinuerleg fokus på å halde høgt fagleg nivå i saksbehandlinga, forvaltninga, handtering av utbyggingsoppgåver og tilbudsprosessar og i driftsoppgåvene. Dialog, samarbeid og etisk standard har hatt særleg merksemd ved personalsamlingar i 2015. Faglege nettverk i regionen og i fylket er nytta godt.

Det har vore el-tilsyn i 2015, både systemretta og for utvalde bygg. Kommunen fekk ros for internkontrollsystemet. Mindre avvik i nokre av bygningane er retta.

### **Brukarar**

Tenesteområdet behandlar eit variert omfang av søknader knytt til bustader og eigedom, m.o.t. plan, byggesak, tilknytning vatn og avlaup, utslepp, avkjørsel, tilskotsordningar i landbruket, konsesjonar, motorferdsel, skogsvegar osb. Det blir lagt vekt på å behandle alle sakstypene så raskt som mogeleg, uavhengig av om fristane er lovfesta eller ikkje, og vi er heller ikkje utsett for klage på saksbehandlingstida. Vi forsyner innbyggjarane med vatn, sørgjer for at avlaupsanlegga fungerer og sørgjer for at vegar og plassar er brøyta og strødd om vinteren. Det er ikkje registrert vesentlege avvik eller misnøye med tenestene. Vi drifter og held vedlike dei kommunale bygningane, og opplever at brukarane stort sett er nøgd med innsatsnivået.

## Mål og måloppnåing

Mål	Status / måloppnåing
Levere gode tenester på alle område som krev kommunal saksbehandling etter særlover på PUK sitt ansvarsområde.	Kvaliteten på saksbehandlinga er god m.o.t. innhald og lovfesta krav til heimelsgrunnlag, grunnngjeving og likebehandling. Dei lovfesta tidsfristane blir halde. Mengden private planar har auka etter at kommuneplanen vart godkjent, med press på saksbehandlingskapasiteten.
Ha god framdrift i kommunal planlegging og levere gode karttenester.	Kommunal planlegging har i hovudsak vore retta mot områdeplanen for Midtmarka, i eit velfungerande offentleg-privat samarbeid. på grunn av manglande kapasitet vart planarbeidet på Rylandshøgda utsett.
Å gje bøndene god oppfølging og drive næringsutvikling innan PUK sitt ansvarsområde.	Aktiviteten innan landbruk er som vanleg høg. Det gjort eit godt arbeid med prosjekt "Ta vare på matjorda", kopla mot utbyggingsprosjekt.
Utføre så mykje vedlikehaldsarbeid som mogeleg både når det gjeld teknisk infrastruktur og bygningsmasse, og drifte eigedomar og anlegg på ein kostnadseffektiv måte.	Midlane som er sett av til drift og vedlikehald og til investeringar er nytta fullt ut. Tenesteområdet brukar eigne krefter så langt råd er for å halde kostnadene på bruk av eksterne leverandørar og fag så låge som mogeleg.
Sikre at kommunen har den bygningsmassen og tekniske infrastrukturen som er nødvendig for å støtte dei oppgåvene som kommunen er sett til å løyse gjennom effektivt prosjektarbeid.	Skader på bygg, anlegg og innreiingar blir reparert så sant det er mogeleg. Investeringsoppgåvene er løyst i tråd med vedteken investeringsplan, og utan store overraskingar på kostnadssida.

## Utviklingsoppgåver

Tiltak	Status
Styrke forvaltninga av kommunale bustader	Det er gjort eit godt rydde- og sorteringsarbeid i høve til skiljet mellom omsorgsbustader og utleigebustader, med gjennomgang av regelverk og krav til vedtak, husleigekontraktar mm.
Høgt nærvær og godt arbeidsmiljø	Avdelinga gjekk ut med eit sjukefråver på 6,5% for heile 2015 (målet var å ligge under 7%).
Bidra til god informasjon og gode elektroniske tenester	Store deler av heimesidene som tilhører tenesteområdet er oppdatert og oppgradert. Sosiale medie og heimesidene blir nytta for informasjon og oppdateringar. Varslingssystemet UMS er teke i bruk (direkte varsling til abonnentgrupper mm)

## Utfordringar

Utviklingsbehov	Status
Det er behov for å auke kapasiteten innan kommunal planlegging og plansaksbehandling.	Det er ein relativt høg aktivitet i utbyggerbransjen etter at kommuneplanen sin arealdel vart ferdig. Det er krevande å møte private planleggjarar og utbyggjarar på ein god nok måte når ressursane er knappe.
Innan byggesak er det behov for å få på plass ressursar til tilsyn etter at det interkommunale tilsynet vart lagt ned.	Kommunen oppfyller ikkje krava til å drive lovpålagt tilsyn.
Det er behov for å auke kapasiteten innan drift og vedlikehald av bygningar og anlegg	Etter utbyggingar og utvidingar av sjukeheimen og fleire skular dei seinare åra, er det behov for å styrke kapasiteten innan drift og vedlikehald. Bygnings- og anleggsmassen aukar, det same gjer antal kommunale vegar og kommunale vatn- og avlaupsanlegg, medan tal tilsette står i ro. Driftsovervakingsystema blir stadig fleire og meir kompliserte, faste avgifter og lisensar aukar, rapporteringskravet aukar.
Utgifter til veglys og brøyting / anna vedlikehald aukar, med budsjettmessige konsekvensar.	Kommunen får fleire vegar og veglys å drifte etter kvart som nye bustadområde blir ferdige
Digital kommune	Meir bruk av smarte løysingar innan kommunikasjon og dokumentasjon, koordinert med digitale FDV-styringsverktøy ute på dei ulike bygningane og anlegga. Meir bruk av digital dialog. Her er det rasjonelt å samarbeide med dei andre kommunane i regionen om tenlege løysingar.

## 8 Investeringar i 2015

Tabellen nedanfor viser at det er bokført investeringar for kr 18,4 mill. i ordinære investeringar, kr 12,8 mill. i vassverks- og avlaupsanlegg, og andre investeringsaktivitetar er på kr 9,1 mill. kr. Desse inkluderer utlån, avdrag og avsetningar vedr. kommunen sin vidareformidling av startlån frå Husbanken. Sum finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er dermed kr 40,3 mill.

Invest.prosj. 2015	Regnsk. 2015	Rev. bud. 2015	Avvik rekn. - buds	Invest.prosj. 2015	Regnsk. 2015	Rev. bud. 2015	Avvik rekn. - buds
				600 - Vassleidning Ådlandsvågen - Landsvik	2 814	3 000	186
Diverse IKT-prosjekt	1 624	1 625	1	601 - Fullrenseanlegg Hestdalen	225	500	275
103 - Utbygging breiband	-	3 100	3 100	602 - Mobilt Straumaggregat Vassverk	430	500	70
253 - Tilbygg Grasdal skule	1 317	1 500	183	603 - Vassleidning Fløksand - Beitingen	525	3 000	2 475
254 - Ombygging Sagstad skule	1 915	2 000	85	604 - Momentum Selvkostmodell	165	165	-0
257 - Uteområde skulane	247	250	3	605 - Oppgradering Pumpestasjon Mjåtveit	1 208	-	-1 208
350 - Utleigebustader	6 151	9 100	2 949	639 - Slamavskiljar Orrhøyen	1 748	1 900	152
Inventar/Utstyr Meland sjukeheim	628	648	20	640 - Utslepp Eikeland	116	120	4
417 - Fellesareal Holmemarka	139	-	-139	653 - Slamavskiljar Orrhøyen I	543	700	157
460 - Div. tomter/eigedomar	12	3 500	3 488	654 - VA-Kryssing E39	-	500	500
577 - Brannvarslingsanlegg Kyrkja	-	388	388	655 - Overvatn Flatøy	1 229	-	-1 229
750 - Veglys Dalemarka	1 193	875	-318	659 - Sanering Markavegen	2 464	2 500	36
751 - Veglys Beitingen	-	1 375	1 375	662 - Avlaupsleidning Holmeknappen - Tveit	-	500	500
760 - Asfaltering kommunale vegar	1 102	1 063	-39	663 - Separering Grønlandsområdet	952	2 500	1 548
761 - Trafikksikring	456	375	-81	664 - Slamavskiljar - Mjukebakkane	380	-	-380
762 - Kommunale bygg	1 586	1 250	-336	<b>Sum investeringar vassverk og avlaup</b>	<b>12 799</b>	<b>15 885</b>	<b>3 086</b>
778 - Gangbru Mjåtveitvegen	-	1 800	1 800				
782 - Ny Traktor	878	875	-3	910 - Startlån - Utlån	1 950	7 000	5 050
784 - Kantklyppar til traktor	500	500	-	910 - Startlån - Avdrag og avsetninger	6 311	2 323	-3 988
785 - Aggregat Meland Sjukeheim	642	3 750	3 108	929 - Eigenkapitalinnskott KLP	812	700	-112
786 - Ladepunkt El-Bilar	-	313	313	Avsetninger til fond	75		-75
<b>Sum ordinære investeringar</b>	<b>18 391</b>	<b>34 286</b>	<b>15 895</b>	<b>Sum andre postar investeringsrekneskapen</b>	<b>9 149</b>	<b>10 023</b>	<b>874</b>
				<b>Sum finansieringsbehov i invest.rekn.</b>	<b>40 339</b>	<b>60 194</b>	<b>19 855</b>
				Momsrefusjon / momskomp.	2 206	3 718	1 512
				Tilskott, refusjonar, salsinntekter	87		-87
				Bruk av lånemidlar	27 680	41 188	13 508
				Bruk av kapitalfond	1 864	5 965	4 101
				Lånemidlar, avdrag og kapitalfond Startlån	8 502	9 323	821
				<b>Sum finansiering</b>	<b>40 339</b>	<b>60 194</b>	<b>19 855</b>

Revidert investeringsbudsjett for 2015 er på kr 60,2 mill, og en har såleis i 2015 brukt kr 19,9 mill. mindre enn budsjettet på investeringar. Mesteparten av dette skuldast forskyving av prosjekt ut i tid. Det er allereie gjort budsjettendringar i 2016 for å ha dekning for dei prosjekt som såleis vert å ferdigstille i 2016 i standen for i 2015 slik det vart lagt opp til i budsjettet.

### GJENNOMFØRTE INVESTERINGSPROSJEKT

#### Vatn og avlaup

I 2015 vart det gjennomført mange saneringstiltak innan avlaupssektoren.

Det største saneringstiltaket vart gjennomført på Frekhaug. **Prosjekt 659 Sanering Markavegen** har løyst luktproblema som var forårsaka av defekte slamavskiljarar. Det er bygd ein ny pumpestasjon ved Havnehagen som erstattar to større kommunale slamavskiljarar. Avlaupsvatnet frå ca. 300 personar vert no pumpa gjennom ny sjøleidning opp til Havnevegen, der avløpet går i sjølvfall til reinseanlegget på Varnappen.

I gjennomføring av saneringa har det vore utfordringar med mykje grunnvatn som ein måtte få kontroll på. Spesielt i dalen frå Frekhaug kai og opp til Havnevegen. Kommunen valgte her å samle vatnet delvis i røyr og delvis i open bekk, for å hindre utvasking av det nye kommunaltekniske anlegget. Dette og andre forhold førte til at prosjektet gjekk over budsjett. Arbeidet med saneringen mogleggjorde og opprusting av «Brekko», som er mykje i bruk for gåande til og frå snøggåten.



*Prosjekt 639 Sanering Markavegen - Ny pumpestasjon ved Havnehagen*

I prosjekt **605 Oppgradering pumpestasjon Mjåtveit** har kommunen fått skifta ut ein gamal pumpestasjon for avlaup. Pumpestasjonen ligg i eit sårbart område like ved Mjåtveitlva. I forkant av oppgraderinga gjekk kommunen i dialog med Mjåtveitlvens forening og Frekhaugmarka Vel for å få innspel og sikre godt samarbeid. Den nye pumpestasjonen er bygd med ekstra tryggleik i form av ein buffertank for å sikre at ein ikkje får utslepp til Mjåtveitlva. I tillegg er det tilrettelagt for nødstraum.



*Prosjekt 605 – Oppgradering pumpestasjon Mjåtveit*

Prosjekt **653 Slamavskiljar Orrhøyen I**, **639 Slamavskiljar Orrhøyen II** og **664 Slamavskiljar Mjuebakkane** gjaldt alle enten etablering eller utskifting av avlaupsreinsing for busetnaden i Hjertåsområdet. Prosjekta vart gjennomført på kommunen sin rammeavtale, og gjekk under budsjett.



Prosjekt 653 Slamavskiljar Orrhøyen I. Gjenbruk av slamavskiljar frå Havnehagen (prosjekt 659)

Innan vassforsyning har kommunen fått på plass nødstraum på Meland vassverk i prosjekt **602 Mobilt straumaggregat Meland vassverk.**

### **Veg og trafiksikring**

På det kommunale vegnettet har det blitt etablert veglys på fleire strekningar. Prosjekt **750 Veglys Dalemarka** har sikra utbygging av veglys saman med fiber til Dalemarka. Gjennom prosjekt **761 Trafiksikring** har det blitt satt opp fleire veglys i Mjåtveitvegen og langs Skarpenesvegen. I tillegg har ein fått etablert fartshumpar i Mjåtveitvegen i samband med nyasflatering av vege. Andre strekningar som vart asfaltert i 2015 som ein del av prosjekt **760 Asfaltering kommunale vegar** inkluderar:

- Veg til Flatøy Aust
- Solberget på Flatøy
- Kommunal veg på Skjelanger
- Delar av veg til Øvre Fosse
- Del av Hestnesvegen

Kommunen har også kjøpt inn nytt utstyr på prosjekt **782/784 Traktor med kantklyppar.** Den nye traktoren er viktig for å sikre kontinuerlig vedlikehald langs dei kommunale vegane.

### **Bygg**

Det er gjort mange store og små oppgraderingar i den kommunale bygningsmassa gjennom prosjekt **762 Kommunale bygg.** Dei største tiltaka på bygga omfattar:

- Rossland skule: skifta takstein på symjehallen, rehabilitert pumper til bassenget, malt symjehall og gymsal utvendig, utbetring av det elektriske anlegget
- Vestbygd skule: skifta golv i gymsal
- Sagstad skule: oljetank for fyringsolje er fasa ut, installert innbrotalarm i heile bygget
- Meland ungdomsskule: malt den eldste delen av skulen utvendig, oljetank for fyringsolje er fasa ut, utbetring av det elektriske anlegget

Fleire av skulane har fått etablert elektriske døråpnere på ei rekke dører for å sikre universell utforming.

- Marihøna barnehage: nytt kjøkken, nytt uteskur
- Rådhuset: ombyggingsarbeid for å skaffe nye kontorplassar, deler av ventilasjonsanlegget er utbetra
- Utleigebustadene: ombyggingar og oppgraderingar der det har vore nødvendig før nye leigetakarar flytter inn, i hovudsak kjøkken og bad. Noko utvendig malearbeid er utført





*Prosjekt 762: Nytt tak og maling på Symjehallen på Rosslund skule*

På Meland sjukeheim er det etablert nytt adgangssystem med kort og kode gjennom prosjekt **371 Meland sjukeheim - Utbetring div.**

### **PÅBEGYNT PROSJEKT**

Fleire store vassprosjekt har starta opp i 2015. Dette inkluderar prosjekt **600 Vassleidning Ådlandsvågen-Landsvik**, **601 Fullreinseanlegg Hestdal** og **603 Vassleidning Fløksand-Beitingen**. Begge vassleidningsprosjekta skal gjennomførast i 2016. Fullreinseanlegget er foreløpig i ei forprosjektfase, og sjølv anlegget er ikkje planlagt å stå ferdig før i 2018.

På Frekhaug har kommunen starta opp eit større prosjekt med å separere overvatn og avlaup. I tillegg skal reinseanlegget på Varnappen utvidast og det skal etablerast prøvetakingskummar. Prosjekt **663 Separering Grønlandsområdet** og prosjekt **666 Oppgradering Varnappen reinseanlegg** skal gjennomførast i løpet av 2016.

Dei to største investeringsprosjekta på bygg er prosjekt **253 Utbygging Grasdal skule** og **254 Utbygging Sagstad skule**. Begge skulane vart ferdig prosjektert i 2015 og sjølv bygginga skal gå i gang i 2016. Det er planlagt at begge skulane skal stå ferdig til skulestart hausten 2017.



*Illustrasjon Sagstad skule*



*Illustrasjon Grasdal skule*

På Meland sjukeheim gjekk kommunen i gang med å etablere nødstraum vinteren 2015/2016 gjennom prosjekt **785 Aggregat Meland sjukeheim**. Aggregatet er plassert i eige rom i parkeringskjellaren under tilbygget frå 2013, og vil vere klart for drift i mars 2016.